| **Sum frå vg2** | | **290** | **243** | **16** | **34** | 84 % | **23,5** | **330** | **322** | |
| **Ikkje direkte frå vg2** | | **59** | **33** | **17** | **9** | 56 % | | | | |
| **Samla formidling** | | **349** | **276** | **33** | **43** | 79 % | | | | |

| | | | | | | | Kapasitet og elevtal ved skulane, vg2 skuleåret 2020/21 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | vg2 automatisering | | | |
| Nærskuleområde | Område nr | Søkarar frå programområde vg3 automatiseringsfaget | Formidla | Skuleplass, trukket søknad, ukvalifiser og stoppa | Utan læreplass | Prosent formidla til bedrift | Klassar | Plassar | Inntekne etter 3.inntak, 7.aug 2020 | Oppfyllings grad |
| Sunnhordland | 1 | 25 | 23 | 7 | 5 | 92 % | 2 | 30 | 30 | 100 % |
| stor-Bergen | 3 | 25 | 20 | 2 | 4 | 80 % | 3 | 29 | 29 | 100 % |
| indre Sogn | 5 | 14 | 13 | 0 | 2 | 93 % | 1 | 12 | 9 | 75 % |
| Nordfjord | 8 | 10 | 10 | 2 | 0 | 100 % | 1 | 12 | 9 | 75 % |
| **Sum frå vg2** | | **74** | **66** | **11** | **11** | 89 % | **7** | **83** | **77** | **93 %** |
| **Ikkje direkte frå vg2** | | **28** | **13** | **12** | **11** | 46 % | | | | |
| **Samla formidling** | | **102** | **79** | **23** | **22** | 77 % | | | | |

| | | | | | | | Kapasitet og elevtal ved skulane, vg2 skuleåret 2020/21 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | vg2 data og elektronikk | | | |
| Nærskuleområde | Område nr | Søkarar frå programområde vg3 dataelektronikarfaget | Formidla | Skuleplass, trukket søknad, ukvalifiser og stoppa | Utan læreplass | Prosent formidla til bedrift | Klassar | Plassar | Inntekne etter 3.inntak, 7.aug 2020 | Oppfyllings grad |
| stor-Bergen | 3 | 7 | 2 | 1 | 4 | 29 % | 1 | 15 | 15 | 100 % |
| indre Sogn | 5 | 12 | 11 | | 1 | 92 % | 1 | 12 | 12 | 100 % |
| Sunnfjord og Sogn | 7 | | | | | | 1 | 12 | 6 | 50 % |
| Nordfjord | 8 | 6 | 6 | | 0 | 100 % | 1 | 12 | 8 | 67 % |
| **Sum frå vg2** | | **25** | **19** | **1** | **5** | 76 % | **4** | **51** | **41** | **80 %** |
| **Ikkje direkte frå vg2** | | **13** | **7** | **6** | **6** | 54 % | | | | |
| **Samla formidling** | | **63** | **45** | **8** | **16** | 71 % | | | | |
| **SUM alle programområde** | | **514** | **400** | **64** | **56** | **78 %** | | | | |

Tabell 2

Tabell 2 viser formidling frå vg2 elenergi og ekom, vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget våren 2021, og av søkarar som ikkje kjem direkte frå desse programområda. Søkarar som ikkje kjem direkte frå eit programområde kan ha søkt tidlegare utan å få læreplass, eller gjort eit omval tidlegare og no kome tilbake som søkarar.

Høgre del av tabell 2 viser kor mange søkarar til læreplass 21/22 som starta på vg2 20/21. Som ein vil sjå er ikkje talet søkarar til bedrift like mange som innteken elevar førre skuleår. Ein har ikkje teke omsyn til dei som eventuelt har slutta i løpet av året. Som ein ser vart det teke inn 322 elevar til vg2 elenergi og ekom hausten 2020, 290 av desse søkte om opplæring i bedrift våren 2021.

Vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget er tre år i skule og 1,5 års læretid etter det, sokalla avviksfag i forhold til hovudmodellen 2+2 år. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse viser til informasjon gitt i y-nemnda 6.9.2021 og hovudutval for opplæring og kompetanse 8.9.2021 om at desse søkarane er kvalifiserte til å gå opp til fagprøven utan læretid, og at dei vil få tilbod om dette.

Det største programområdet i volum i skule og i læreplass søkarar er vg2 elenergi og ekom, med 290 søkarar til dei ulike lærefaga, der vg3 elektrikarfaget er det største. Som det går fram av oppsummeringa var det per 7.9.2021 framleis 34 søkarar frå vg2 utan læreplass, i tillegg til 13 søkarar som ikkje kjem direkte frå vg2. Av desse 34 kom 25 av dei frå skulane i stor-Bergen. Dette underbygger Opplæringskontoret for elektrofag i Bergen og Omegn sitt innspel om for stor kapasitet av elevplassar i høve til læreplassar i denne nærskuleregionen.

## Mobilitet

Det har vore jobba mykje for å auke mobiliteten hos søkarar til læreplass, dvs. auke viljen til å takke ja til ein læreplass som fører til at dei må flytte. Alle som jobbar med formidling av søkarar til læreplass og alle som strevar med å få tak i tilstrekkeleg tal lærlingar, veit at dette framleis er ei utfordring. Samtidig veit vi også at for ein del bedrifter er lærlingane rekrutteringsgrunnlaget for fagarbeidarar, og erfaringane er at lærlingar utanfor bu- og arbeidsmarknaden i mindre grad vert verande i bedrifta. Desse mekanismane har vist seg vanskeleg å snu. Ikkje på langt nær alle bedrifter har denne tilnærminga, men sidan bedriftene sjølv vel kven dei vil tilsette er det uansett viktig at fylkeskommunen spelar på lag med næringslivet.

## Økonomi

Størstedelen av utgiftene i drift av skuleklassar er lønsutgifter. I yrkesfag er det ein føresetnad at skulane slår saman to klassar i faga kroppsøving og samfunnsfag. Samanslåtte klassar kan også vere på tvert av utdanningsprogram, men dette føreset sjølvsagt partal i yrkesfagklassar samla.

Av dei 22 skulane som har tilbod om utdanningsprogrammet elektro og datateknologi er det 7 skular med 1 vg1 klasse, 13 skular med 2 parallellar og 2 skular med 3 parallellar. Ein kan tenke seg at skulane kan slå saman to klassar for eksempel vg1 elektro og datateknologi i fleire av fellesfaga. Det føreset for det første at det er tilstrekkeleg med klasserom av nødvendig storleik og i tillegg vil det krevje prosessar med fagorganisasjonane.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering er at dei økonomiske innsparingane av samanslåtte klassar vil vere marginale.

## Konklusjon:

Oppdraget frå hovudutval for opplæring og kompetanse er å vurdere dimensjonering og lokalisering av tilboda i utdanningsprogrammet.

Tilbakemeldingane frå opplæringskontora er eintydige på at god geografisk spreiing av utdanningsprogrammet er svært vesentleg for å sikre rekruttering. Med kravet til sertifisert personell er bransjen heilt avhengig av fagarbeidarar.

Det er i realiteten i stor-Bergen det er behov for å redusere kapasiteten. Avdelingsdirektøren er klar over at oppretting av vg1 elektro og datateknologi for skuleåret 2021/22 ikkje er i tråd med reduksjonsbehovet. Grunnen til opprettinga var at det ikkje var skular i nærskuleområde som hadde plass til ein ekstra klasse i utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk eller teknologi og industrifag, som begge var å føretrekke ut frå næringslivet sine behov. For å kunne gi tilbod til alle søkarane blei det derfor oppretta ein ekstra klasse vg1 elektro og datateknologi.

For søkarar til yrkesfag er ulike kombinasjonar i ønskerekkefølge av dei tre utdanningsprogramma elektro og datateknologi, bygg- og anleggsteknikk og teknologi og industrifag svært vanleg. Målet var å auke kapasiteten, men ikkje i elektro og datateknologi.

Som nemnt er det fleire godkjente kryssløp frå vg1 elektro og datateknologi. Til inneverande skuleår var tala over søkarar og inntekne til desse kryssløpa slik:

- Arbeidsmaskiner, 1 søkar, 0 inntekne
- Brønnteknikk, 12 søkarar, 4 inntekne
- Industriteknologi, 3 søkarar, 2 inntekne
- Køyretøy, 7 søkarar, 4 inntekne
- Maritime fag, 11 søkarar, 7 inntekne

Til saman var det 34 søkarar, der 17 konkurrerte seg inn i kryssløpet. Det var ikkje mange, men samla reduserte det behovet for vg2 tilbod i utdanningsprogrammet med i overkant av ein klasse. Som gjort greie for er det berre gjennom aktiv søking mogeleg å få overgang til andre utdanningsprogram, men her er det truleg behov for å få meir informasjonen ut til søkarane, dersom målsettinga er større søking til kryssløp.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering er at det ikkje vil vere fornuftig å foreslå strukturendringar i eit utdanningsprogram, utan å sjå det i samanheng med den samla

yrkesfagstrukturen i fylket. For nærskuleområde stor-Bergen er det behov for å redusere kapasiteten for at tilbod og etterspurnad av læreplassar skal kome i balanse. Det føreset at justering av opplæringstilbodet ikkje kan ha hovudfokus på søkarane sine førsteval, men at ein ser yrkesfagsøkinga under eitt, med mål om å sikre balanse mellom tilgjengeleg læreplassar og søkarar, i alle bransjane.

Vestland fylkeskommune

# Framlegg frå yrkesopplæringsnemnda sitt arbeidsutval 05.10.2021

## Til sak:

### Hovudutval for opplæring og kompetanse den 06.10.2021

PS 49/21 Tilbodet i utdanningsprogrammet elektro og datateknologi – dimensjonering og lokalisering.

Yrkesopplæringsnemnda den 21.10.2021

RS Tilbodet i utdanningsprogrammet elektro og datateknologi – dimensjonering og lokalisering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda sitt arbeidsutval - 05.10.2021:

«Framlegg frå AU til sak i Yrkesopplæringsnemnda 21. oktober:

AU drøfta saksframlegg RS 4/21, tilbod i elektro og datateknologi- dimensjonering og lokalisering. AU vil gjere slikt framlegg om vedtak til Yrkesopplæringsnemndas møte 21. oktober:

Yrkesopplæringsnemnda meiner tilbodet er tåleg bra dimensjonert utanfor Stor Bergen. Utanfor Stor- Bergen ser ein heller ikkje behov for å samle tilbodet på færre skular. VG3 st.f. må framleis takast ned i antal klassar. Det er meldt at fleire lærebedrifter ikkje har fått lærlingar som venta, då fleire av elevane har valt VG3 st.f. i staden. Dette tyder på at elevar som ikkje ville i lære, har mykje sannsynleg blokkert for elevar som gjerne ville.

I Stor Bergen er tilbodet overdimensjonert, og det er større tal elevar enn bransjen tilbyr læreplassar. Bransjen har eit inntak på vel 20% av dei faglærte som lærlingar, og må seiast å vere god. Elevar som ikkje får læreplass må då tilbys VG3 st.f. og VG3 med fagbrev i skule. Det siste er ikkje ei heldig løysing, sjølv om dei avlegg fagprøve, vil dei ikkje få arbeide som faglært før dei har gått læretida si hjå ein autorisert installatør. Vidare er det mange som tilbys kryssløp til andre fag. Det er neppe det beste for dei fleste sin motivasjon, men likevel betre enn at dei blir gåande utan læreplass.

Nemnda meiner derfor at det var svært uheldig at det blei oppretta endå ei klasse på Askøy vgs, og meiner den må taksat ned att så snart råd. Nemnda viser her også til bransjens særs tydelege innspel i saka, og elles til nemndas tidlegare vedtak i dimensjoneringssaka 2020, samt klassejusteringssaka 2021.

Når det gjeld lokasjon av tilbodet, vil det tolast at tilbodet vert samla på færre skular i Stor Bergen. Dersom det vert aktuelt, bør det skje i dilaog med nemnda og bransjen.»

Vestland fylkeskommune

**OPK - Administrasjon**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2021/48284-1
**Saksbehandlar:** Susan Husabø

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 21/21 | 21.10.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 26.10.2021 |
| Fylkesutvalet | | 09.11.2021 |
| Fylkestinget | | 15.12.2021 |

# Evaluering av nærskulemodellen etter inntak til skuleåret 2021/22

## Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer følgande endringar i Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune:

1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».
2. Vestland fylkeskommune sin nærskulemodell på vg1 vil ha seks inntaksområde med tilhøyrande inntaksmatrise. Inntaksområda vert: 1) Sunnhordland, 2) Hardanger/Voss og Sogn, 3) Stor-Bergen, 4) Nordhordland og HAFS, 5) Sunnfjord og Sogn, 6) Nordfjord.
3. Utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskulemodellen, og søkarar med vg1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaksområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkarar utan vg1 naturbruk i sitt inntaksområde får nærskulepoeng ved søking til alle skulane med naturbruk .
4. Utdanningsprogrammet idrettsfag takast ut av nærskulemodellen. Tilbodet vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde, og ungdommane kan søke fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønsker.
5. Rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram vert fjerna, og søkarane konkurrerer på karakterpoeng.

## Samandrag

Fylkestinget vedtok ei evaluering av nærskulemodellen etter at inntaket til skuleåret 2021/22 var ferdig. Evalueringa skulle legge særleg legge vekt på konsekvensane i stor-Bergen.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bekka Skaasheim
ass. avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I handsaming av sak PS 107/2020, 29.9.2020, Lokal forskrift om inntak og formidling, vedtok fylkestinget ei evaluering av modellen, jf. vedtakspunkt 4.

3. Nærskulematrisa evaluerast kontinuerleg, og utilsikta, negative konsekvensar skal rettast så fort som mogleg gjennom politisk vedtak.

   Hovudutval for opplæring og kompetanse gis fullmakt til å gjere eventuelle justeringar i nærskulematrisa. Justeringar i matrisa skal ivareta dei overordna intensjonane i den nyeinntaksmodellen.

4. Fylkestinget ønskjer ei særleg evaluering av inntaksregion stor-Bergen. Evalueringa må gje ei grundig vurdering av konsekvensane av den nye modellen, særleg for elevar busett i Bergen med lågare karaktersnitt. Om mogleg ønskjer fylkestinget at ei slik utgreiing lagast med bruk av simulerte opptak, og at utgreiinga kan handsamast hausten 2020.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har avgjerdsmynde

### Tilpassingar etter fylkestinget sitt vedtak

Etter at nærskulemodellen med tilhøyrande nærskulematrise vart vedteke i fylkestinget har fylkesdirektøren lagt fram fleire endringar av matrisa, for å forhindre negative konsekvensar for søkarar frå ulike delar av fylket. Til møte i fylkestinget i september 2020 blei dei første justeringane i forhold til innstillinga lagt fram.

Hovudutval for opplæring og kompetanse har seinare handsama justeringar av matrisa i tre møte, 3.11.20, 15.12.20 og 17.2.21. Oversikt over justeringane er vedlegg 1.

Så godt som alle endringsframlegga i høve fylkesdirektøren si første matrise, var knytt til søkarar i grenseområde mellom to nærskuleområda. For mange av søkarane vart næraste skule i eit anna område, og justering av nærskulematrisa korrigerte dette.

Fylkesdirektøren si tilråding til nærskuleområde var sendt uttil kommunane for tilbakemeldingar, men ikkje i alle kommunar gav tilbakemelding ved første høve. Konsekvensane av nærskulemodellen vart også tydlegare for kommunane og skulane når rådgjevarane skulle starte arbeidet med å rettleie elevane i 10. klasse.

Fylkesdirektøren var i denne tida i dialog med mange grunnskular for å få på plass best mogelege løysingar.

### Bruk av namnet nærskulemodell

Ei av erfaringane fylkesdirektøren har gjort seg i løpet av søknads- og inntaksprosessen er korleis ordet «nærskuleområde» har blitt oppfatta av svært mange av søkarane og deira føresette. Nærskule vert i stor grad tolka som  næraste skule.

Kanskje spesielt for søkarane i område 3, stor-Bergen har denne oppfatninga skapt urealistiske forventningar hos mange søkarar. Med deira tolking av omgrepet, har dei søkt tre utdanningsprogram, men berre ved skulen dei har som næraste skule.

Det kan vere krevjande å sikre at alle i målgruppa får ei riktig forståing av omlegging av inntaksmodell, konsekvensane det gir og dei faktiske endringane frå tidlegare modell.  For å tydeleggjere innhaldet i modellen, vurderer fylkesdirektøren at eit alternativ er å endre omgrepet frå nærskuleområde til inntaksområde, for tydlegare å få fram at søkarane kan få tilbod innafor eit geografisk område, og ikkje nødvendigvis til næraste skulen.

## Oppsummering av innspel på nærskulemodellen

For å få inn stemmer frå «brukarane» av nærskulemodellen har fylkesdirektøren bede elevråda og rektorane ved dei vidaregåande skulane og rådgjevarane ved ungdomsskulane om å svare på korleis dei har opplevd modellen. Elevråda blei spesielt bedne om å ta med eit representativt utval frå vg1, sidan det er det årstrinnet som er omfatta av inntaksmodellen.

Ei gjennomgåande problemstilling i tilbakemeldingane ser ut til å vere at mange søkarar og rådgjevarar ikkje har forstått at dersom skulane i eit nærskuleområde ikkje har tilbod om eit utdanningsprogram, får søkarane nærskulepoeng til alle skulane i fylket som har utdanningsprogrammet. Denne vesentlege tilpassinga kan ha ført til at ein del ikkje har søkt det dei ønska.

I tillegg er det fleire kommentarar knytt til søking til vg1 idrettsfag, gjennom at profilane ved skulane i fylket er ulike og at det bør difor vere høve til å konkurrere på like vilkår på tvers av nærskuleområda. Dette blir omtala i eige avsnitt.

Oppsummeringar etter svarfristen:

Rådgjevarar i grunnskulen:

| | | Var det enkelt å informere elevane om nærskulemodellen? | Var det enkelt å informere føresette om nærskulemodellen? | Oppfattar du at nærskulemodellen er til hinder for at elevane får søke på ønska sine? |
|---|---|---|---|---|
| Heilt eining | 5 | 14 | 8 | 17 |
| | 4 | 19 | 21 | 14 |
| | 3 | 3 | 8 | 6 |
| | 2 | 3 | 3 | 3 |
| Heilt ueinig | 1 | 4 | 3 | 3 |
| Tal svar | | 43 | 43 | 43 |

Tabell 1: Tilbakemelding frå rådgjevarane

Rådgjevarane i grunnskulen svarte på dei tre spørsmåla over, med alternativ frå 1- Heilt ueinig til 5- heilt eining. I tillegg kunne dei legge inn kommentarar til kvart spørsmål. 43 av 129 grunnskular svarte, ein svarprosent på 33,3.

Majoriteten av dei som svarte meiner det var enkelt å informere både elevane og føresette om modellen. På tredje spørsmålet, om dei oppfatta at nærskulemodellen var til hinder for at elevane får søke på ønska sine har 31 svart heilt eining, eller nesten heilt eining. Når fylkesdirektøren samanliknar svara med kommentarane, kan det tyde på at dei har snudd skalaen på hovudet, sidan ingen av kommentarane tyder på at dei meiner modellen har vore til hinder for å søke det ungdommane ønska seg.

Elevråda ved dei vidaregåande skulane:

| | | Oppfattar elevrådet at nærskulemodellen er til hinder for at elevane får søke på ønska sine? | Oppfattar elevrådet nærskulemodellen som rettferdig? | Oppfattar elevrådet at informasjon om nærskulemodellen har vore tilstrekkeleg? |
|---|---|---|---|---|
| Heilt einig | 5 | 3 | 0 | 1 |
| | 4 | 2 | 2 | 4 |
| | 3 | 5 | 6 | 0 |
| | 2 | 2 | 4 | 2 |
| Heilt ueinig | 1 | | 0 | 5 |
| Tal svar | | 12 | 12 | 12 |

Tabell 2: Tilbakemelding frå elevråda

Elevråda kunne svare på dei tre spørsmåla over, med alternativ frå 1- Heilt ueinig til 5- heilt eining. I tillegg kunne dei legge inn kommentarar til kvart spørsmål.12 av 45 elevråd svarte innan fristen, ein svarprosent på 27.

Nokre av uttalene viser at modellen ikkje er tydeleg for alle, der ein skule melder at ingen av tillitsvalde ved ein skule i stor-Bergen hadde fått informasjon om nærskulemodellen frå rådgjevarane ved sine skular.

Rektorane ved dei vidaregåande skulane:

| | | Nærskulemodellen gir skulen eit godt rekrutteringsgrunnlag | Nærskulemodellen har gjort det vanskelegare å rekruttere til eit eller fleire opplæringstilbod |
|---|---|---|---|
| Heilt einig | 5 | 9 | 3 |
| | 4 | 8 | 4 |
| | 3 | 6 | 6 |
| | 2 | 3 | 5 |
| Heilt ueinig | 1 | 2 | 10 |
| Tal svar | | 28 | 28 |

Tabell 3: Tilbakemelding frå rektorane

Rektorane vart bedne om å svare på dei to spørsmåla over, og i tillegg bad fylkesdirektøren om alternative inndelingar for å møte det nasjonale kravet om maksimalt seks inntaksområde. Til det siste kom det få framlegg. 28 av 45 skular har svart, ein svarprosent på 62.

17 av 28 er heilt eller nesten heilt eining i at nærskulemodellen gir skulen eit godt rekrutteringsgrunnlag, men det  er også 7 av 28 som meiner at modellen har gjort det vanskeleg å rekruttere til eit eller fleire utdanningsprogram.

Problemstillingane som er nemnt er :

- Skular som tradisjonelt har hatt mange elevar som må flytte på hybel uansett, har mista desse.
- Skular som har vore avhengig av enkeltsøkarar frå andre deler av fylket, har mista desse.
- Feilinformasjon, som nemnt innleiingsvis, har ført til at nokre utdanningsprogram har hatt vesentleg svakare søking.
- Nærskulepoeng til anna nærskuleområde i grenseområda bør gå likt begge vegar.

## Endringar av utdanningstilbod i nærskuleprinsippet

I vedtaket fylkestinget fatta om nærskuleprinsippet vart nokre utdanningsprogram og spesielle tilbod teke ut av nærskuleprinsippet

### Naturbruk

Årsaka til at søkarane frå alle delane av fylket fekk same nærskulepoeng til naturbruk var at det er stor forskjell i vektlegging av læreplanmål og gjennomføring av YFF mellom skular med «grøn og blå profil».

Erfaringane frå inntaket er at det ikkje var behov for dette unntaket. Søkarane til skular med «blå profil» var heimehøyrande i nærskuleområda som hadde skular med blå profil. Fylkesdirektøren rår difor til at søking til utdanningsprogrammet naturbruk følgjer same grensene for nærskuleområda som dei andre utdanningsprogramma.

### Idrettsfag

Endringa knytt til vg1 idrettsfag er det som klart har skapt mest uro og støy i samband med inntaket til skuleåret 2021/22. Mange søkarar, foreldre og trenarar har vendt seg til fylkesdirektøren for å forklare kvifor det var viktig å kunne konkurrere på like vilkår til skule med vekt på det rette idrettstilbodet for søkaren. Ofte var ønske om spesiell skule også knytt opp til samarbeid skulen hadde med idrettslag.

Fylkesdirektøren ser at ordninga ikkje vert oppfatta som rimeleg for mange søkarar, då rett til å søke ein skule som ikkje legg vekt på deira idrett, ikkje er eit reelt alternativ.  Når satsingane ved skulane i fylket er ulike, er det klar oppfatning av at det bør vere høve til å konkurrere på like vilkår på tvers av nærskuleområda.

Som ein konsekvens av at § 3-11 i forskrift til opplæringslova berre opnar for å gje tilleggspoeng for ferdigheiter til vg1 idrettsfag og vg1 musikk, dans og drama vart toppidrettstilbodet ved Tertnes vgs lagt om. Tilbodet her var organisert gjennom studiespesialisering, og det var såleis ikkje opning for å gje tilleggspoeng til dette utdanningsprogrammet. Søkarane søkte ordinært vg1 studiespesialisering og haka av for at dei ønska toppidrett. Olympiatoppen Vest fekk liste over søkarane og vurderte kven som var idrettsfagleg kvalifiserte for tilbodet. Dei kvalifiserte fekk melding om at dersom dei konkurrerte seg inn i det ordinære inntaket, fekk dei ta del i

toppidrettstilbodet. Kvalifiserte søkarar frå andre nærskuleområde til toppidrettstilbodet ved Tertnes vgs fekk nærskulepoeng.

Også for tilbodet ved Voss gymnas gjaldt at søkarane konkurrerte ordinært til vg1 idrettsfag, men dei kunne også få tilleggspoeng for ferdigheiter.

Søkarar til vg1 idrettsfag som anten ikkje vart vurdert som kvalifiserte for toppidrettstilbod eller av ulike årsaker ønska å søke seg til ein spesiell skule fekk ikkje nærskulepoeng til tilbod i andre nærskuleområde.

## Rett til oppflytting frå vg1 til vg2 i studieførebuande utdanningsprogram

§ 5 i lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune gjeld oppflytting tilvg2 og vg3 studieførebuande utdanningsprogram:

(1) Søkjar til Vg2 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført dersom ho/han har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.

(2) Søkjar til Vg3 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført dersom ho/han har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.

Fylkesdirektøren har sett på konsekvensane retten til oppflytting ved same skule har hatt på utnytting av kapasiteten i utdanningsprogramma. Grunnlaget er tal per 15.9, elevtal ved skulane etter at søkarane har «landa» etter inntaket, og før det er mange som har slutta.

Tala viser at det i studieførebuande utdanningsprogram utanom studiespesialisering ikkje er tilstrekkeleg ledig kapasitet på vg2 til å gje nokon gevinst i form av innsparing i klassetal.

På vg2 studiespesialisering er det berre i nærskuleområde 3, stor-Bergen det er mange nok skular i nærskuleområdet til å kunne gje kapasitetsutnytting dersom ein ikkje hadde rett til oppflytting ved same skule.

Per 15.9.2021 var det teke inn 1524 elevar i ordinære vg2 studiespesialisering, programområda realfag og språk, samfunn og økonomi. Det var 76 ledige plassar. Justert for ledige plassar ved skulane Osterøy, Os og Fusa, skular som ikkje ligg heilt sentralt i nærskuleområde, er det 63 ledige plassar. I tillegg er det nødvendig å justere for elevar som tek vg2 som utvekslingselev i eit anna land, totalt meldt inn 9 elevar ved skulane i nærskuleområdet. Reelt er det då i år 54 ledige plassar, noko som kunne redusere behovet for ein klasse.

I saksutgreiinga til lokal forskrift om inntak og formidling (FT- sak107/2020) var fylkesdirektøren si vurdering at rett til oppflytting mellom vg2 og vg3 er ei god løysing, fordi på vg2 vel elevane programfag og framandspråk, som dei må halde fram med på vg3. Gjennom å ha rett til oppflytting frå vg2 til vg3, sikrar fylkeskommunen at elevane får riktig fagkombinasjon og godkjent vitnemål.

## Særleg evaluering av inntaksregionen stor-Bergen

Jf. vedtakspunkt 4 i PS 107/2020 bad fylkestinget fylkesdirektøren om særskilt å evaluere konsekvensane for stor-Bergen.

Yrkesopplæringsnemnda og hovudutval for opplæring og kompetanse fekk informasjon om resultata av inntaket i møta 6.9.2021 og 8.9.2021.

Når fylkesdirektøren skal vurdere særskilte konsekvensar for stor-Bergen, takast det utgangspunkt i søkarane som har blitt vidaresøkt. At ein søkar blir vidaresøkt betyr at ein blir vurdert for inntak til skular med ledig plass innan valt utdanningsprogram på vg1, men på ein skule søkaren ikkje har ført opp. På vg2 yrkesfag kan ein søkar bli vidaresøkt til eit anna programområde enn ønska, men innafor utdanningsprogrammet han eller ho gjekk på vg1 og som kvalifiserer til det aktuelle vg2-tilbodet.

Vidaresøkinga til skuleåret 2021/22 samanlikna med 2020/21 viser ein nedgang total nedgang på 25 søkarar, men den største forskjellen er nedgangen i søkarar som måtte vidaresøkast til skular i andre nærskuleområde:

| Vg1 | 20/21 | 21/22 |
|---|---|---|
| Totalt vidaresøkt | 92 | 67 |
| Til skule utanfor stor-Bergen | 45 | 6 |

Tabell 4: Vidaresøking i stor-Bergen

Reduksjonen i tal søkarar som måtte få tilbod om skuleplass utanfor eige nærskuleområde skuldast utvidinga av kapasiteten i stor- Bergen med åtte klassar på vg1.

| Vidaresøkt internt i nærskuleområdet | | Stor-Bergen |
|---|---|---|
| Studieførebuande | Idrettsfag | |
| | Kunst, design og arkitektur | 5 |
| | Medium og kommunikasnon | 4 |
| | Musikk, dans og drama | 3 |
| | Studiespesialisering | 6 |
| | SUM | 18 |
| | | |
| Yrkesfag | Bygg- og anleggsteknikk | 10 |
| | Elektro og datateknologi | 13 |
| | Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdes | 3 |
| | Helse- og oppvekstfag | 7 |
| | Handverk, design og produktutvikling | |
| | Informasjonsteknologi og medieproduksjo | 6 |
| | Naturbruk | 5 |
| | Restaurant- og matfag | |
| | Sal, service og reiseliv | 3 |
| | Teknologi- og industrifag | 14 |
| | SUM | 61 |

Tabell 5: Søkarar frå nærskuleområde 3 stor-Bergen, vidaresøkt i nærskuleområde 3 stor-Bergen

Fylkesdirektøren har sett på karakterpoenga til dei 79 elevane som vart vidaresøkt, mediankarakteren (like mange søkarar over som under medianen) er 27,2 poeng, gjennomsnittskarakteren er 25,4 poeng. Lågaste karakterpoeng er 0 og høgaste er 41,0.

Per 10.september var status for desse søkarane at:

- 23 takka ja
- 36 takka nei
- 20 vart uaktuelle til vidaresøkingsønske, fordi dei har konkurrert seg inn på noko dei sjølv har søkt

Fylkesdirektøren har sett nærare på dei 36 som takka nei, og status for desse var per 10.9:

- 24 er ikkje i skule per no, og er overførte til oppfølgingstenesta. Fem av desse har også takka nei til tilbod om skuleplass dei har søkt på.
- 8 har i tida etter 3. inntak fått skuleplass dei har søkt på.
- 4 har fått tilbod om ledig plass ved ein skule dei har kontakta, tilbod dei ikkje hadde søkt.

12 av 36 har teke i mot anna skuleplass enn den dei vart vidaresøkt til, og i tillegg er det fem som fekk tilbod dei har søkt, men likevel takka nei. Av desse takka tre nei til første ønske, ein til andre ønske (som var same utdanningsprogram som 1. ønske) og ein til tredje ønske. At fem av dei 24 som takka nei også valde å ikkje ta i mot skuleplassen dei hadde øvst på søknaden, viser at det ikkje berre er å innfri førstevalet for at alle skal gå i skule.

Det er fleire søkarar med mellom 25-30 poeng som berre hadde søkt elektro og datateknologi, teknologi og industrifag og eit studieførebuande utdanningsprogram ved skular i Bergen. Desse tilboda har over tid hatt høge inntakskrav. Dette viser at fleire ungdomar søker til tilbod som dei realistisk sett ikkje har føresetnader til å kome inn på utan at opplæringstilboda hadde vore overdimensjonert. Difor er det også ei viktig oppgåve å styrke søkarane sin valkompetanse i deira prosess med å finne eit opplæringsløp som treff ambisjonar og ønske.

Dette handlar også om Vestland fylkeskommune si rolle gjennom den regionale kompetansepolitikken å kunne dimensjonere riktig i høve tilgang på læreplassar og behov i arbeidslivet. Desse 36 er unge menneske med ulike grunngjevingar for kvifor dei takka nei til det vidaresøkte tilbodet (og søkte ønske), men fylkesdirektøren har sett at avstand/reisetid truleg ikkje kan vere grunngjevinga for alle.

## Tilpassing av nærskulematrisa til krav om maksimum seks nærskuleområde

I juni 2021 vedtok regjeringa nasjonale reglar som medfører at:

> «fylkeskommunene enten må ha fritt skolevalg i hele fylket, eller fritt skolevalg innenfor fastsatte inntaksområder. Fylkeskommunene kan fastsette maksimalt 6 inntaksområder. Reglene skal gjelde for elever som søker om inntak fra våren 2022.»

Som eitt av fylka med nærskulemodell med meir enn seks område, må Vestland fylkeskommune endre matrisa som gjev søkarane til vg1nærskulepoeng ved søking i sitt nærskuleområde.

I arbeidet med denne saka har fylkesdirektøren vurdert at det ikkje er ei god tilnærming å løyse opp alle dei vedtekne nærskuleområda, og starte arbeidet på nytt. Geografien og avstandane i fylket påverkast ikkje av det nasjonale vedtaket. Det er geografien og kommunikasjonsvegane i fylket som har resultert i matrisa, med alle tilleggspunkta, som var gjeldande ved inntaket til inneverande skuleår .

Med nytt stortingsfleirtal er det mogeleg at lovverket kan verte endra. Fylkesdirektøren si vurdering er difor at fylkeskommunen bør prøve å tilpasse gjeldande krav om reduksjon frå åtte til seks område slik at det vert færrast mogelege nye grenseområde.

Fylkesdirektøren tilrår difor at kravet om inntil seks område løyast ved å slå saman fire av eksisterande nærskuleområde til to område.

Fylkesdirektøren si vurdering er at det ikkje bør gjerast endringar i nærskuleområde3, stor- Bergen, verken ved ta dele opp eller ta fleire kommunar inn. Ei oppdeling vil gjere det enno vanskelegare å gje tilbod til i yrkesfag til alle søkarane. Ei utviding av nærskuleområdet vil sette ytterlegare press på kapasiteten.

Økonomi: Tilrådinga kan ha ein liten innsparing
Klima: Ingen konsekvensar
Folkehelse: Ingen konsekvensar
Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ingen konsekvensar

## Konklusjon og framlegg til justeringar av nærskulemodellen

Tilbakemeldingar frå elevar, skuleleiarar og rådgjevarar viser at informasjonsformidling om nærskulemodellen ikkje har vore god nok. I overgangen frå fritt skuleval i dei tidlegare fylkeskommunane, har nok ikkje alle ledd i informasjonskjeda fått med seg alle detaljane. Det var mykje ny kunnskap som skulle ut til mange grunnskular, føresette og søkarar. Fleire av avklaringane kom seint, noko som utfordra kommunikasjonen om modellen.

- **Justere namn på modell**

For å tydeleggjere modellen og styrke kommunikasjonen, tilrår fylkesdirektøren at «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise». Vestland fylkeskommune sin nærskulemodell på vg1 vil ha seks inntaksområde med tilhøyrande inntaksmatrise.

- **Tilpasse utdanningsprogram til nærskulemodell – naturbruk og idrettsfag**

Fylkesdirektøren tilrår at utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskulemodellen, og at søkarar med vg1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaksområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkarar til vg1 naturbruk frå inntaksområde som ikkje har dette utdanningsprogrammet, får nærskulepoeng ved søking til alle skulane i fylket.

På bakgrunn av erfaringane med søking og inntak til skuleåret 2021/22 vil fylkesdirektøren tilrå at utdanningsprogrammet idrettsfag takast ut av nærskulemodellen. Tilbodet vert då ikkje bunde opp til søkaren sitt inntaksområde, og ungdommane kan søke fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønsker.

Ved søking til skulane med tilbod for potensielle toppidrettsutøvarar skal framleis Olympiatoppen Vest gjere den idrettsfaglege vurderinga. Dersom søkaren er på tilfredsstillande idrettsfagleg nivå, får han/ho delta i det spissa idrettstilbodet ved skulen dersom han/ho konkurrerer seg inn.

- **Rett til oppflytting frå vg1 til vg2 i studieførebuande utdanningsprogram**

Når det gjeld rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram, tilrår fylkesdirektøren at retten ikkje vert vidareført, og at søkarane med det konkurrerer på karakterpoeng. Etter gjeldande forskrift har alle elevar på vg1 i eit studieførebuande utdanningsprogram rett til plass på vg2 ved same utdanningsprogram ved same skule, gitt at alle fag som er fastsett i læreplanverket på vg1 er bestått. Fylkesdirektøren ser at det er eit gode at søkarane veit at dei får halde fram på same skule, men ressursutnyttinga ved denne ordninga er svak. Saksutgreiinga viser at det reelt sett er 54 ledige plassar på studiespesialiserande i stor-Bergen, og at det er mogeleg å redusere ein klasse der ressursane kan nyttast for andre tilbod.

- **Tilpassing frå åtte til seks nærskuleområde etter nasjonalt vedtak**

Jamfør regjeringa sit vedtak om maksimalt seks inntaksområde, vurderer fylkesdirektøren at eksisterande nærskulematrise tilpassast gjeldande regelverk utan at kartet teiknast på nytt. Fylkesdirektøren legg fram følgjande tilråding:

- Nærskuleområde 2, Hardanger og Voss og nærskuleområde 5 indre Sogn vert eit felles nærskuleområde.
- Nærskuleområde 4 Nordhordland og nærskuleområde 6 HAFS vert eit felles nærskuleområde.

Erfaringsmessig søker ungdomane i stor grad til den næraste skulen eller ein annan skule i geografisk nærleik. Når desse områda er tilrådd slått saman, er fylkesdirektøren særleg merksam på at det vil gje store avstandar internt i dei nye samanslåtte områda. Fylkesdirektøren vil difor vere oppteken av dette i arbeidet med å gje alle søkarane eit skuletilbod.

Vestland fylkeskommune

**OPK - Administrasjon**
Saksframlegg

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2021/48285-1 |
| **Saksbehandlar:** | Susan Kathinka Halvorsen Husabø |

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | 22/21 | 21.10.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 26.10.2021 |
| Fylkesutvalet | | 09.11.2021 |
| Fylkestinget | | 15.12.2021 |

# Spørsmål om reisetidsgaranti for elevar i vidaregåande skule

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget innfører ikkje ein garanti om skuleplass innanfor ein avgrensa reiseveg i tid

2. Dimensjonering av opplæringstilbodet skal så langt det lar seg gjere utgreie behov for elevplassar i kvart nærskuleområde og vise korleis flest mogeleg søkarar i eit nærskuleområde kan få tilbod om skuleplass

3. Ved behov for å auke elevplassar i eit område basert på elevprognosar, vil fylkesdirektøren vise korleis dette handsamast innanfor den gjeldande økonomiske ramma


### Samandrag

Fylkestinget vedtok i møte 9.3.21 at administrasjonen skal utgreie moglegheiten for å innføre ei reisetidsgaranti. Fylkedirektøren legg her fram ny sak.


| | |
|---|---|
| Rune Haugsdal<br>fylkesdirektør | Bjørn Lyngedal<br>avdelingsdirektør |

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Saksutgreiing**

## Bakgrunn for saka

Fylkesdirektøren la våren 2021 fram sak om reisetidsgaranti for søkarar til vidaregåande skule. Fylkestinget vedtok i møte 9.3.21 (PS- sak 5/2021) følgjande:

1. Fylkestinget tek saksutgreiinga til vitande.
2. Fylkestinget vedtek at administrasjonen skal utgreie moglegheiten for å innføre ei reisetidsgaranti basert på faktisk reisetid, ikkje inntaksområde.
3. Fylkestinget sitt mål er at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønskjer det.
4. Fylkestinget legg til grunn at ny sak om reisetidsgaranti skal handsamast av y-nemda før den handsamast i hovudutval for opplæring og kompetanse.

Fylkesdirektøren legg med dette fram ny sak, men vil trekke trådane tilbake til saka som vart handsama våren 2021. Den førre saksutgreiinga er viktig bakgrunnsinformasjon.
I arbeidet med lokal forskrift for inntak og formidling vart omgrepet reisetidsgaranti trekt fram i ein høyringsuttale som eksempel på tiltak for å motverke negative konsekvensar av geografiske avstandar i fylket og fritt skuleval som inntaksmodell. Fylkesdirektøren si vurdering av dette no er same som den gong:

Eit vedtak om skuleplass innanfor ein avgrensa reiseveg i tid (reisetidsgaranti) har berre verdi når det ikkje er fleire søkarar enn plassar på dei ulike utdanningsprogramma i dei aktuelle områda. Grunnen til at ein søkar får tilbod ved andre skular enn søkt er at dei ikkje konkurrerer seg inn ved skulane dei har søkt.

## Regulering av inntaket til vidaregåande opplæring

Inntaket til vidaregåande skule er regulert gjennom kapittel 6, Inntak til vidaregåande opplæring, i Forskrift til opplæringslova.

§ 6-1a. *Fritt skoleval*

> Fylkeskommunen skal ha fritt skoleval i fylket eller fritt skoleval innanfor fastsette inntaksområde. Fylkeskommunen kan fastsetje inntil seks inntaksområde.
>
> Fritt skoleval i heile fylket inneber at søkjarane står fritt til å søkje om inntak til alle skolar i det fylket dei har folkeregistrert adresse. Fritt skoleval innanfor fastsette inntaksområde inneber at søkjarane står fritt til å søkje om inntak til alle skolar i eige inntaksområde. Dersom ønskt utdanningsprogram eller programområde ikkje finst i eige inntaksområde, skal søkjaren kunne søkje på ein skole i eit anna inntaksområde i fylket.
>
> 0 Tilføyd ved forskrift 28 juni 2021 nr. 2234 (i kraft 1 juli 2021 med virkning fra og med opptaket til skoleåret 2022-2023).

*Vilkår for inntak til vg1 er regulert i § 6-13 og rekkjefølge for inntak til vg1 er regulert i § 6-14.*

> Fylkeskommunen skal først ta inn søkjarar som oppfyller vilkåra for inntak etter fortrinnsrett etter kapitlet her. Etter at søkjarar med rett til særskild utdanningsprogram, rett til spesialundervisning og vedtak om utvida tid er tekne inn, skal søkarar som konkurrere etter poeng, jf §6-20 og § 6-21 takast inn.

§ 6-20 Rangering av søkarar

Dersom det til eit utdanningsprogram på Vg1 melder seg fleire søkjarar enn talet på elevplassar som fylkeskommunen tilbyr denne gruppa, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av § 6-21. Søkjarar med høgare poengsum blir tekne inn framfor søkjarar med lågare poengsum.

Reguleringa av inntak til vidaregåande opplæring er fastset; det er ikkje høve til å ta inn søkarar med lågare poengsum før søkarar med høgare poengsum, der det er fleire søkarar enn plassar. Viken fylkeskommune har i si lokale forskrift under kap 3 eit punkt under «Unntak frå nærskuleprinsippet» som viser til Opplæringslova § 3-1:
*Oppfyllelse av* opplæringslovens § 3-1 *uten urimelig lang reisevei*

*Et begrenset antall av plassene ved alle ordinære utdanningsprogrammer/programområder ved alle skoler disponeres av fylkeskommunen etter andre inntaksrunde, for å sikre at flest mulig søkere skal få oppfylt retten til ett av tre utdanningsprogram uten at reiseveien mellom hjem og skole blir urimelig lang.*

Paragraf 3-1 første ledd slår fast den lovfesta retten at «ungdom som har fullført grunnskulen eller tilsvarande, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring.
§ 3-1 i opplæringslova seier derimot ikkje noko om reiseveg.

Fylkesdirektøren si juridiske vurdering er at det ikkje er heimel for å velje den løysinga som Viken fylkeskommune har gjort. Fylkesdirektøren har vore i kontakt med Viken fylkeskommune og dei opplyser at denne bestemminga i den lokale forskrifta går ut no med innføring av nasjonal inntaksordning.

## Vedtakskompetanse

Fylkestinget har bede om saka og har vedtakskompetansen.

## Konsekvensar av elevutviklinga i fylket

For at flest mogeleg skal få tilbod om skuleplass på vg1 i nærskuleområde dei høyrer til, må kapasiteten vere best mogeleg tilpassa søkargrunnlaget.

I den årlege politiske saka om opplæringstilbodet er elevutviklinga eit viktig element i vurderinga av plassbehovet, og hausten 2020 vart behova for første gong vurdert for kvart nærskuleområde. Ein konsekvens blei auke i tal plassar i stor-Bergen.

SSB sin prognose for tal 16-18-åringar i Vestland viser (middelverdi), for åra fram til 2027, vekst i kommunane definerte som nærskuleområde 3, stor- Bergen. I resten av fylket viser prognosen først nedgang, så svak vekst. Dette er resultat av sentraliseringa vi har sett over lang tid. Dette er pre-korona åtferd og vi vil kunne sjå noko reversering av flytting mot større byar, men uansett vil det truleg ta tid før motstraumen omfattar elevar i vidaregåande opplæring.




Figur 1 SSB, Framskrive folkemengd 1. januar 2020, alternativ MMMM, Endringar i tal 16-18 åringar. Blå søyler er kommunane i stor- Bergen, raude søyler er resten av fylke.

Figuren viser behov for auka tal skuleplassar i stor-Bergen dei næraste åra og samtidig reduksjon i fylket elles. I arbeidet med opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 vart kapasiteten i nærskuleområde auka, for i større grad å kunne gje søkarane tilbod i eige nærskuleområde. Framskrive auke på 212 16-18-åringar i 2022, betyr ein auke på 60-70 søkarar frå grunnskulen i forhold til 2021. Tala frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI) syner ein auke på 60 avgangselevar i stor-Bergen.

Skulane i og rundt Bergen sentrum er så godt som heilt fulle. Fylkesdirektøren viser til oppretting av vg1 elektro og datateknologi ved Askøy vgs, fordi det ikkje var skular som kunne handtere ei ekstra klasse vg1 bygg- og anleggsteknikk eller vg1 teknologi og industrifag.

Det er fleire nye vidaregåande skular under bygging/ planlegging:

- Askøy vgs er planlagt ferdig til skuleåret 2024/25- med lik kapasitet
- Laksevåg og Bergen maritime vgs er planlagt ferdig til skuleåret 2025/26. Her er det ikkje planlagt for auka kapasitet ut over kva dei to skulane før samanslåinga.
- Sotra vgs er i planfasen og er planlagt ferdig til skuleåret 2027/28. Her er det rom for å tilpasse rom og funksjonsprogram.

Kapasiteten i stor-Bergen vil soleis ikkje bli utvida gjennom nybygg dei første åra, ein må difor leite etter løysingar i eksisterande skulebygg i nærskuleområdet.

Fylkestinget sitt vedtak om å vurdere ein garanti basert på faktisk reisetid vil kunne få konsekvensar for tilboda ved fleire skular. Dersom t.d. reisevegen mellom skulane Sotra og Osterøy, begge i nærskuleområde 3 stor-Bergen, blir vurdert som for lang vil konsekvensen kunne bli behov for å opprette fleire klassar der reiseveg blir akseptabel for søkarar frå begge «endane». Det vil i dette tilfelle vere i Bergen sentrum, med den sentraliserande effekten det vil kunne ha på søkarstraumen.

## Vurderingar

Saka om reisetidsgaranti frå februar bygde på inntaket til skuleåret 2020/21.Ei av oppsummeringane kring vidaresøking av søkarane var at dette først og fremst var ei problemstilling i stor-Bergen. I tilrådinga frå fylkesdirektøren stod det at ein ville hente erfaringar frå inntaket til inneverande skuleår (2021/22) for å vurdere kva effektar ny lokal forskrift har hatt på tal vidaresøkte.
Grunnlagstala for å samanlikne 2021/22 med 2020/21 er ikkje heilt dei same, men som avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse presenterte i møte 10. august er det framleis i stor-Bergen vidaresøking er ei problemstilling av noko omfang.

I saka «Evaluering av nærskulemodellen» har fylkesdirektøren gjort greie for omfanget av vidaresøking i nærskuleområde stor-Bergen til skuleåret 2021/22 samanlikna med 2020/21:

> «Vidaresøkinga til 21/22 samanlikna med 20/21 syner ein nedgang total nedgang på 25 søkarar, men den største forskjellen er nedgangen i søkarar som måtte vidaresøkast til skular i andre nærskuleområde:

| **vg1** | 20/21 | 21/22 |
|---|---|---|
| totalt vidaresøkt | 92 | 67 |
| Til skule utanfor stor-Bergen | 45 | 6 |

> Tabellen syner vidaresøking i stor-Bergen
> Reduksjonen i tal søkarar som måtte få tilbod om skuleplass utanfor nærskuleområde skuldast utvidinga av kapasiteten i stor- Bergen med 5 klassar på vg1.

Den auka kapasiteten i stor-Bergen reduserte omfanget av vidaresøking, men framleis var det behov for å nytte ledig kapasitet ved andre skular enn søkt til for å kunne gje alle søkarane tilbod på eit av tre søkte utdanningsprogram.

Også i dei andre nærskuleområda var det behov for å vidaresøke enkeltelevar, men i mykje mindre omfang også i prosent av søkartal.

Kapasiteten på vg1 i nærskuleområdet stor-Bergen vart monaleg auka til skuleåret 2021/22. Dette vart gjort for å sikre at fleire søkarar innan nærskuleområdet stor-Bergen fekk eit tilbod dei hadde søkt på. Ein positiv effekt av opprettinga er at færre søkarar får tilbod som gjer at dei må reise lengre. Samstundes legg ein auke i tal klassar på yrkesfag monaleg press på skulane i eksisterande skulestruktur. Yrkesfaglege tilbod er ofte areal- og utstyrskrevjande, noko som gjer at fleksibiliteten til å auke klassar i skular som tilbyr yrkesfag kan vere krevjande.

**Økonomi:**
Tilrådinga har ingen økonomiske konsekvensar

**Klima:**
Tilrådinga har ingen konsekvensar.
**Folkehelse:**
Tilrådinga har ingen konsekvensar.
**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**
Tilrådinga har ingen konsekvensar.

## Oppsummering

Fylkestinget bad administrasjonen utgreie moglegheiten for å innføre ein reisetidsgaranti basert på faktisk reisetid og ikkje inntaksområde. Målet er at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønskjer det.

Fylkesdirektøren har vist til korleis auka kapasitet i opplæringstilbodet i stor-Bergen har gitt mindre behov for vidaresøking, både totalt og ut av nærskuleområdet.

Bruk av ordet reisetidsgaranti vil bli oppfatta som ein tydeleg rett for søkarane og svært bindande for fylkeskommunen. Konsekvensen av at alle ha skal ha garanti om plass med mindre enn 1,5 t reiseveg kan bli store. Fylkeskommunen vil i ein del tilfelle måtte opprette fleire klassar for å gje plass til dei siste søkarane, men utan at klassen nødvendigvis vil ha tilstrekkeleg søkargrunnlag for nå oppfyllingskravet. Samtidig vil desse nye klassane ta deler av søkargrunnlaget frå andre klassar som dei tidlegare ville blitt vidaresøkt til, og soleis gjere at fleire klassar blir sett i gang med lågt elevtal eller vurdert ikkje starta opp.

Som vist i saksutgreiinga er det heller ikkje heimel i lovverket for å setje av enkeltplassar i tilboda som er reservert for ulike søkarar. Unntaka er gjort greie for i Forskrift til opplæringslova § 6-14. Om ein garanti trer i kraft vil det også utfordre skulestrukturen særleg i stor-Bergen. I alle tilfelle betyr det at fylkeskommunen truleg må overdimensjonere opplæringstilboda for at alle søkarane skal ha tilbod om plass innanfor ein gitt reisetid.

Fylkesdirektøren kan heller ikkje i denne saka tilrå at det blir innført ein garanti for maksimal reisetid. Fylkesdirektøren vil fortsetje å arbeide for å finne best mogelege løysingar for søkarane som ikkje får tilbod ved ein skule dei har søkt slik at reisevegen ikkje blir lengre enn absolutt nødvendig.

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2021/18979-1
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | | 21.10.2021 |
| Yrkesopplæringsnemnda | 23/21 | 21.10.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 26.10.2021 |
| Hovudutval for næring | | 26.10.2021 |
| Fylkesutvalet | | 09.11.2021 |
| Fylkestinget | | 15.12.2021 |

# Eigarstyring av Fagskulen Vestland og delegeringsreglement

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.

2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein del av opplærings- og kompetansesektoren.

Samandrag

I denne saka vert det gjort greie for lovverket og historikk knytt til styring av fylkeskommunale fagskular. Vidare vert det gjort greie for rolla til fylkestinget som skuleeigar, samt rolla til fylkesdirektøren og fylkesadministrasjonen. Relasjonen mellom styret/rektor og fylkesadministrasjonen vert også drøfta. Til slutt vert det gjort greie for korleis Vestland fylkeskommune kan utøve eigarstyring av Fagskulen Vestland, organisatorisk plassering av fagskulen, samt framlegg til endringar i vedtekter for styret for Fagskulen Vestland i høve til dagens vedtekter. Fylkesdirektøren vil tilrå at det er vedtektene for styret som syner fordeling av kompetanse mellom skuleeigar og styret.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 vedtekter-171219

2 Vedtekter styret for Fagskulen Vestland

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune ved fylkesutvalet har i møte 09.02.2021 vedteke ei bestilling av sak om eigarstyringa av Fagskulen Vestland som følgjer:

> **Vedtak**
>
> Uttale/bestilling av sak: Fagskulen i Vestland
> I samband med samanslåinga av fagskulane i Sogn og Fjordane og Hordaland, er det etablert eit eige prosjektstyre. Fagskulen i Vestland blir den nest største fagskulen i landet. Arbeidet er omfattande og det er difor avgjerande at roller og ansvar er så tydeleg som mogeleg. Då må grensesnittet mot opplæringsavdelinga i Vestland fylke vera avklart.
>
> Fylkesutvalet ber om ei sak om eigarstyring av Fagskulen i Vestland. I saka ber ein fylkesrådmannen fremja eit delegasjonsdokument som regulerer forholdet og fordeling av myndighet mellom fagskulestyret/rektor og fylkesadministrasjonen. Rolla til fylkesadministrasjonen og fylkestinget som skuleeigar og den organisatoriske plasseringen av fagskulen i fylkeskommunen, bør også drøftast.
>
> Vidare bør saka sjå nærare på størrelsen på den fylkeskommunale delen av fagskulen sitt budsjett, samt størrelsen på Vestland fylkeskommune sitt bidrag relativt til andre fylkeskommunale fagskular i landet.
>
> Saka skal leggjast fram for politisk handsaming hausten 2021. Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland skal gje uttale til saka før politisk behandling.

På bakgrunn av bestillinga legg fylkesdirektøren til grunn ei utgreiing av følgjande punkt:

- eigarstyring av Fagskulen Vestland
- rolla til fylkestinget som skuleeigar
- rolla til fylkesdirektøren
- relasjonen mellom styret/rektor og fylkesdirektøren
- forslag til delegeringsreglement (vedtekter) som syner fordeling av kompetanse mellom eigar og styre for fagskulen eller rektor
- organisatorisk plassering av fagskulen

I høve til spørsmål om storleiken på fylkeskommunen sitt tilskot til dei fylkeskommunale fagskulane sett i høve til dei andre fylkeskommunane vert det lagt fram ei eiga melding om dette.

Prosjektstyret for Fagskulen Vestland vil gje uttale før endeleg handsaming i fylkestinget. Uttalen vert lagt ved saka når den ligg føre.

Vidare i denne saka vert det gjort greie for dagens lovverk og historikk knytt til reguleringa av fagskulesektoren, før det vert gjort greie for punkta over.

## Relevant lovverk for fylkeskommunale fagskular

Fagskulesektoren er regulert av følgjande lovverk:
- Lov 8. juni 2018 nr. 28 om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskulelova)
- Forskrift 11. juli 2019 nr. 1005 om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskuleforskrifta)
- Forskrift 23. april 2020 nr. 853 om akkreditering av og tilsyn med høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoletilsynsforskriften)
- Forskrift 1. februar 2010 nr. 96 om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning (studiekvalitetsforskrifta)

I tillegg til dette lovverket gjeld andre lover og forskrifter som regulerer offentlege verksemder som t.d. kommunelova, anskaffingslova, arkivlova, arbeidsmiljølova og forvaltningslova m.m.

Fylkeskommunale fagskular er ein del av fylkeskommunen som rettssubjekt, og fagskulane må følgje regel- og avtaleverk som gjeld generelt for fylkeskommunen. Vidare er dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland organisert som ei ytre eining i fylkeskommunen, slik som dei vidaregåande skulane, og ikkje som eit selskap. Fagskulane sin eigenart gjer det likevel slik at dei skil seg frå anna fylkeskommunal verksemd i høve til styring.

Fylkestinget er jf. kommunelova § 5-3 det øvste organet i fylkeskommunen og treff vedtak på vegne av fylkeskommunen om ikkje anna følgjer av lov (særlover). Fagskulelova er ei særlov, som går framfor kommunelova i høve til styringa av ein fagskule. Fagskulelova § 9 regulerer mellom anna at fagskular skal ha eit styre som øvste styringsorgan, og kva kompetanse styret skal ha. Fagskulelova § 9 presiserer også at fylkeskommunale fagskular, og fagskular organisert som studieforbund, skal ha eit styre. Styret for ein fylkeskommunal fagskule er såleis jf. fagskulelova det øvste styringsorganet, og kan ikkje instruerast i sitt virke.

Det kjem tydeleg fram av fagskulelova at styret for ein fagskule er ansvarleg for at verksemda følgjer nemnde lov med forskrifter, men lovverket er derimot ikkje tydeleg på relasjonen mellom eigar (fylkestinget), fylkesdirektøren og eit styre for ein fylkeskommunal fagskule. Dette kjem til uttrykk i spørsmål om mellom anna kompetanse i høve til personalforvaltning og instruksjonsmynde i saker.

Private eller offentlege fagskular som er organisert som eit selskap eller stifting er gjennom anna lovverk (t.d. aksjelova) tydelegare regulert i høve til styring av verksemda. Samtidig er fagskulelova som nemnt ei særlov, og der t.d. aksjelova er i strid med fagskulelova, er det sistnemnde som gjeld. Fylkeskommunale fagskular som ikkje har ein selskapsform har ikkje anna lovverk å regulere drifta etter enn fagskulelova med forskrifter og andre generelle lover der dei passar.

Det er fleire fagskular og fylkeskommunar som peiker på at lovverket er uklart i høve til styring. Nasjonalt fagskoleråd har motteke førespurnader frå fylkeskommunale fagskular om å seie noko om korleis dei vil tilrå at fylkeskommunale fagskular bør vere organisert i fylkeskommunane. Fagskolerådet vil ikkje meine noko om korleis fylkeskommunane organiserer fagskulane så lenge føremålet i fagskulelova er ivaretatt. Saka vart handsama av fagskolerådet 4. mars 2021. I saka kjem det fram at organiseringa av dei fylkeskommunale fagskulane er noko ulik frå fylke til fylke, men i hovudtrekk er det mykje likt. Unntaket er Vestfold og Telemark fylkeskommune som har organisert fagskulen som eit særlovsselskap.

## Historikk og utvikling knytt til styring av fylkeskommunale fagskular

I handsaming av Ot.prp. nr. 32 (2002-2003) om lov om fagskoleutdanning kom det inn ei føresegn i fagskulelova om at også offentlege fagskular skulle ha eit styre som øvste styringsorgan. Dette har soleis vore regulert av lov sidan 2003. Dette forslaget var ikkje ein del av høyringa, men føreslått i Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen[1] og vidare vedteke av stortinget.

Seinare handsama stortinget Ot.prp. nr. 39 (2006-2007) om lov om endringer i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning. I høyringsrunden hadde fleire instansar teke til orde for at fylkeskommunale fagskular ikkje burde ha eit eige styre som følgjer:

> «KS, Nasjonalt utvalg for teknisk fagskoleutdanning, Rådet for fylkeskommunale fagskoler, enkelte fylkeskommunale fagskoler, de fleste fylkeskommunene og flere fagforbund ønsker ikke at fylkeskommunale fagskoler skal ha et eget styre som øverste ansvarlige styringsorgan.»

Fleire av desse høyringsinstansane meinte at fylkestinget vart sett på sidelinja i høve til ansvar for utvikling og drift av eigne fagskular. Dette var mellom anna knytt til fylkeskommunane sitt ansvar for regional utvikling. Vidare meinte nokon av instansane at det vart skapt uklare tilhøve kring arbeidsgjevaransvaret. Høyringsinstansane vart ikkje høyrt på innvendingane om styring, og føresegna om at også fylkeskommunale fagskular skulle ha eit styre som øvste styringsorgan vart vidareført.

I proposisjonen vurderte Kunnskapsdepartementet det slik at det er viktig, uavhengig av eigarskap, å kunne identifisere eit eige organ som er ansvarleg for fagskuleopplæringa. Departementet peikte på at dette mellom anna ville vere viktig med omsyn til handsaming av eventuelle klager frå

[1] https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/odelstinget/2002-2003/inno-200203-078.pdf

studentar, samt studentar og tilsette sine rettar til å delta i styret sine møter og på denne måten kunne kome i dialog med ansvarleg organ for verksemda. Departementet meinte dette ville bidra til å gjere det føreseieleg og opent rundt avgjerder som vert gjort i drifta av skulen. Vidare peikte departementet på at det er styret som skal tilsette administrativ og fagleg leiing, og elles ha ansvar for drifta av fagskulen. Fylkestinget er formell eigar, men den reelle styringsretten ligg til styret for fagskulen. Fylkeskommunen si rolle og moglegheit for innverknad som skuleeigar vert tydeleg i dei tilfelle nytt styre vert oppretta. Departementet trekk her ein parallell til generalforsamling i aksjeselskap som vel og oppnemner styre i aksjeselskap. Det valte styret får såleis dei oppgåver og det ansvar som følgjer av lover og forskrifter. I høve det uklare arbeidsgjevartilhøve understrekar departementet at arbeidsgjevar vil vere den same uavhengig av om fagskulen har eit styre.

I 2014 gjorde Hordaland fylkeskommune[2] og Sogn og Fjordane fylkeskommune[3] ei utgreiing om fylkestinget og styret sin kompetanse i høve til den fylkeskommunale fagskulen. Felles for begge utgreiingane er at dei peika på tre område for styringsrett ved fylkestinget:

- Oppnemning av medlemmer til styret, og eventuell avsetjing av styret
- Finansiering
- Fastsetje vedtekter for styret

Det vart også peikt på at det er styret som har kompetanse til å tilsette fagleg og administrativ leiar (rektor) ved fagskulen.

I saksutgreiinga til fylkestinget i Sogn og Fjordane vart det gjort følgjande vurderingar av styringa:

> «Det er altså styret som tilset leiinga ved skulen og elles har ansvaret for drifta av skulen. Den reelle styringsretten overfor leiinga ved skulen (rektor) ligg såleis til styret. Ei følgje av dette er at det er styret, ved styreleiar, som har personalansvaret for rektor. Rektor har sekretariatsfunksjon for styret»

Vidare gjorde fylkestinget i Sogn og Fjordane følgjande vurdering:

> «I og med at det er fylkestinget som fastset dei økonomiske rammene for fagskulen, må saker som kan kome til å krevje særskilde løyvingar eller som er av overordna karakter, som t.d. lokaliseringssaker og investeringar som krev låneopptak, avgjerast av fylkestinget.
>
> [ ] I medhald av kommunelova § 23 nr. 2 har fylkesrådmannen likevel rett og plikt til å føre tilsyn og kontroll med fagskulen og styret sitt arbeid på lik line med andre fylkeskommunale einingar. Fylkesrådmannen vil presisere at fagskulen kan nytte seg av støttefunksjonar hjå fylkesrådmannen som andre fylkeskommunale einingar.»

I saksutgreiinga i Hordaland fylkeskommune vart mellom anna følgjande vurdering gjort i saka:

> «Hordaland fagskulestyre sine oppgåver og kompetanse ser formelt ut til å vere i samsvar med fagskulelova. Likevel har det oppstått uklare situasjonar som tyder på at eit uavhengig styre i praksis ikkje har vore lagt til grunn fullt ut internt i fylkeskommunen. Thommessen understrekar at eigar (Fylkestinget og eventuelt underordna organ som Fylkestinget gjev myndigheit til gjennom delegasjon) har ein svært avgrensa styringsrett. Dersom Fylkestinget ønskjer å gje føringar for Fagskolane i Hordaland sine prioriteringar – eksempelvis oppretting av nye studietilbod, bruk av bestemte IT-system mm. – kan det gjerast i form av eit tildelingsbrev der det vert gjeve vilkår for tildelinga av midlar (finansiering).»

I samband med regionreforma og samanslåinga av dei to fylkeskommunane vart det også gjort ei vurdering av mellom anna plassering av personalansvaret for rektorane ved dei fylkeskommunale fagskulane gjennom delprosjekt 1.8 Fagskule[4]. Denne vart handsama som ei melding[5] i administrasjonsutvalet i Vestland fylkeskommune 26.11.2019. Vurderinga om personalansvar for rektorane kan lesast på side 7 i sluttrapporten (note 4). Kort summert vart det tilrådd at personalansvaret vart lagt i linja i fylkesadministrasjonen for å sikre at personalforvaltninga vart

---

2
https://innsyn.vlfk.no/InnsynHFK19/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=2709&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=66576&sourceDatabase=

https://innsyn.vlfk.no/InnsynHFK19/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=66576&documentId=116248

3 http://www2.sfj.no/sff/k2pub.nsf/viewAttachments/C1256B3B0048DA1DC1257CED0064499E/$FILE/14036638.PDF

4 https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=134&documentId=286

5 https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/Details/435?sourceDatabase=

handsama i tråd med fylkeskommunen elles, og at det skulle bli utarbeidd eit styrings og delegeringsdokument som syner relasjonen mellom styret, fylkesdirektøren og fagskulane.

Summert er det på bakgrunn av departementet sin vurdering i Ot.prp. nr. 39 (2006-2007) klart at føremålet med § 9 i lova er at styret for ein fagskule skal vere tydeleg for både studentar og tilsette som det øvste ansvarlege styringsorganet. Samtidig er ikkje fagskulelova heilt tydeleg på kva kompetanse og ansvar som ligg til fylkeskommunale fagskulestyrer i høve ansvar for økonomi, personalforvaltning m.m. Dette er tydelegare for private fagskular.

Som vist gjennomførte dei to tidlegare fylkeskommunane ei utgreiing av kompetanse knytt til styringa av fagskulane, og likevel vart det gjort ulike vurderingar og velt ulike modellar. I Sogn og Fjordane vart personalansvaret for rektor lagt til styret, medan i Hordaland vart det lagt i linja i fylkesadministrasjonen, men den faglege oppfølginga av rektor låg hos styret, t.d. oppfølging av kvalitet i utdanningane. Gjennom delprosjekt 1.8 vart det bestemt at personalansvaret for rektorane skulle ligge i linja i fylkesadministrasjonen i Vestland fylkeskommune.

## Rolla til fylkestinget og fylkesadministrasjonen som skuleeigar

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) er tilsynsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. På spørsmål[6] om forhaldet mellom styret for ein fagskule og eigar, peikar NOKUT på at det er eigar som vel medlemmer til styret, og at styret for både private og offentlege fagskular skal ta sjølvstendige avgjerder utan at eigar gjev føringar for dette. Fylkestinget har såleis
kompetanse til å velje medlemmer til styret (bortsett frå student- og tilsettrepresentant), men ikkje å instruere styret i oppgåver som av lova er lagt til styret. Eigar kan velje nye medlemmer til styret dersom eigar ikkje er nøgd med korleis styret løyser sitt oppdrag.

Vidare skal eigar fastsette vedteker for styret, men styret har ansvar for å kontrollere at vedtektene stemmer med fagskulelova og tilhøyrande forskrifter. Vedtektene kan ikkje avgrense eller ta bort noko av det ansvaret som styret har etter lova.

Til slutt så skal eigar vedta eit budsjett for styret og fagskulen, og eigar har såleis stor moglegheit til å ha innverknad på dei økonomiske rammene til fagskulen. Likevel kan ikkje eigar gjere budsjettvedtak som gjer at fagskulen må bryte med vilkåra for akkreditering, eller at andre krav i lov og forskrifter ikkje vert følgt.

På bakgrunn av dette har eigar ved fylkestinget følgjande kompetanse i styring av fagskulen:
- Velje og avsetje medlemmer til styret (ikkje student- og tilsettrepresentant)
- fastsette vedtekter
- vedta budsjett for styret og fagskulen

**Relasjonen mellom styret/rektor og fylkesdirektøren**
Som nemnt er det ingen definert relasjon mellom styret/rektor og fylkesdirektøren i fagskulelova. All kompetanse som ikkje ligg til fylkestinget, er etter lova lagt til styret for fagskulen. Fagskulelova har fleire føresegner om delegering av mynde frå styret til rektor eller andre ved fagskulen, men seier ingenting om at styre kan delegere kompetanse til fylkesdirektøren. Samtidig er fagskulen ein del av fylkeskommunen som rettssubjekt og dette legg likevel nokre føringar for drifta av fagskulane som ved andre fylkeskommunale einingar. Døme på dette vil vere krav til internkontroll jf. kommunelova § 25-1, rekneskap og årsbudsjett, personalforvaltning og trygg og forsvarleg drift.

Samtidig er fagskulane i dag avhengig av fylkesadministrasjonen for støtte i høve til ei rekkje system, både i høve til IKT og brukarrettleiing. Fagskulane nyttar t.d. fylkeskommunen sitt økonomisystem, skuleadministrativt system, sak- og arkivsystem med meir. Vidare får fagskulane støtte i høve til juridisk kompetanse, og støtte knytt til mellom anna HR og eigedom. I høve til juridisk støtte er dette knytt til både innkjøp og HR. HR gjev dessutan støtte i personalhandtering i alt frå løn, personalsaker og tilsettingar. Eigedomsavdelinga forvaltar bygga til fagskulane og dette inkluderer drift, vedlikehald og reinhald. Det er såleis ingen laus kopling mellom fagskulane og fylkesadministrasjonen i praksis.

[6] https://www.nokut.no/norsk-utdanning/fagskole/regelverk-for-fagskoler/hva-er-oppgavene-til-fagskolens-styre/

Støtta som fylkesadministrasjonen gjev er både naudsynt og føremålstenleg. Skulle fagskulane ikkje ha slik støtte ville det ha ført til betrakteleg høgare driftskostnader ved fagskulane. I tillegg er fylkesadministrasjonen profesjonell og spesialisert i sine oppgåver, og støtta frå administrasjonen bidrar til ei trygg drift med høg kvalitet for fagskulane.

Når det gjeld personalforvaltinga av tilsette ved fagskulane er dei, som departementet har peika på i Ot.prp. nr. 39 (2006–2007), tilsett i fylkeskommunen. Tilsetjingsforholdet i fylkeskommunen gjev dei tilsette både rettar og pliktar, og fylkesdirektøren legg her til grunn at reglar for personalforvaltninga ved fagskulane vert gjort i tråd med personalforvaltninga og lønspolitikken elles i fylkeskommunen. Døme på rettar som tilsette har kan vere om det er overtal ved ein skule, så har tilsette rett til ei stilling ein annan plass i fylkeskommunen så lenge det er ledige stillingar som etterspør den kompetansen ei eventuell overtalig har. Denne retten følgjer av Hovudtariffavtalen kap. 1 § 3-3 og av arbeidsmiljølova § 15-7. På bakgrunn av dette vil tilsettingar ved fagskulane kunne ha økonomisk og juridisk konsekvens for fylkeskommunen, og tilsettingar ved fagskulane må følgje reglar for tilsettingar elles i fylkeskommunen.

Sjølv om fagskulane skal følgje personalforvaltninga i fylkeskommunen vil ikkje dette måtte bety at alle føresetningar som gjeld for dei vidaregåande skulane også må vere gjeldande for fagskulane. Døme på dette er mellom anna at lærarar i vidaregåande skular skal ha praktisk pedagogisk utdanning, noko som følgjer av opplæringsforskrifta § 14-1. For fagskulane er det ikkje krav til praktisk pedagogisk utdanning, men fagskuletilsynsforskrifta § 2-3 stadfestar at det i fagmiljøet knytt til utdanninga skal vere personar med utdanningsfagleg kompetanse. Dette kan vere pedagogisk utdanning eller erfaring. I tillegg går det fram av same paragraf at det skal vere ein utdanningsfagleg ansvarleg for utdanninga, og at denne skal ha utdanningsfagleg utdanning. Andre døme er at fagskulane kan ha behov for anna organisering eller anna kompetanse enn det dei vidaregåande skulane har. I motsetning til ein vidaregåande skule har fagskulane ansvar for eige inntak, lokal klagenemnd og akkreditering av eigne utdanningar.

## Styring av fagskulane

Som vist i denne saka kan fylkestinget styre gjennom oppnemning av styret, finansiering og fastsetjing av vedtekter, medan fylkesadministrasjonen har eit avgrensa rom for styring. Likevel må fylkesdirektøren sikre at fagskulane, som ein del av fylkeskommunen som rettssubjekt, føl regler knytt til offentlege verksemder, og at personalforvaltinga er i tråd med fylkeskommunen elles. Fagskulen Vestland må såleis følgje reglar i fylkeskommunen knytt til mellom anna personalforvaltning, disponering av bygg, samt andre reglar knytt til offentlege verksemder. På bakgrunn av dette er det naturleg at fylkesdirektøren på vegner av fylkestinget følgjer opp fagskulane i høve til regelverket. Samtidig er det styret som har det øvste styringsansvaret og har kompetanse i alle driftssakar og faglege saker knytt til fagskulelova.

Personalforvaltninga i fagskulen og personalansvaret for rektor bør følgje linja elles i fylkeskommunen slik at ein sikrar at skulen vert drifta i tråd med reglar for offentlege verksemder, hovudtariffavtalen og i tråd med fylkeskommunen sin løns- og personalpolitikk. Fagleg oppfølging av rektor vil etter dette ligge til styret i tråd med fagskulelova, og som nemnt kan styret ikkje instruerast i sitt virke og dei krav som er sett til kompetanse gjennom fagskulelova med forskrifter.

Sjølv om styringsretten for fagskulen ligg til styret har fylkestinget eit handlingsrom for styring til oppnemning av styret, vedtak av budsjett og fastsetjing av vedtekter. Vidare vert det gjort greie for korleis fylkestinget kan utøve eigarstyring av den fylkeskommunale fagskulen.

### Målstyring / styringssignal

Dei tre områda for styringsrett som ligg til fylkestinget gir rom til å styre for å sette mål for fagskulesektoren i regionen, og dette kan gjerast gjennom t.d. fylket sin kompetansepolitikk som vert fastsett gjennom regionale planar. Fagskulane vert finansiert gjennom statlege tilskot som fylkeskommunane forvaltar, og denne forvaltninga skal vere i tråd med regionale kompetansebehov og fylkeskommunen sin kompetansepolitikk. Dette følgjer av fagskulelova § 3 som stadfester at fylkeskommunen skal sørgje for at det vert tilbydd akkreditert fagskuleutdanning i samsvar med behovet for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt. I tillegg vert dette sett i samanheng med fylkeskommunen sitt ansvar for å arbeide med kompetansepolitikk gjennom mellom anna regionreforma og kompetansereforma.

Fylkestinget kan fastsetje mål (styringssignal) for fagskulesektoren i regionen, både til eigne og private fagskular som får tilskot frå fylkeskommunen. Slike mål bør kome fram av regionale planar, i tillegg til at dei bør gå fram av årleg tildelingsbrev som vert gitt i samband med tilskot til fagskular utan at dei avgrensar styret sitt handlingsrom innanfor styret sin kompetanse. I høve til mål for sektoren vert det også gitt nasjonale mål av både Storting og regjering, og fylkeskommunen bør sjå til at det ikkje vert for stort sprik i målsetting og forventningar på tvers av styringsnivåa fordi dette kan føre til vanskar med å oppnå måla.

**Oppnemning av styremedlemmer**
Vidare vert fylkestinget sitt handlingsrom synleg dersom styra for eigne fagskular ikkje arbeidar med målsettinga, eller på anna måte ikkje forvaltar verksemda i tråd med dei rammene som er gitt av fylkestinget (t.d. økonomiske rammer). Då har fylkestinget høve til å avsetje styret og nemne opp eit nytt styre. Jf. dagens styrevedtekter for dei to fylkeskommunale fagskulane vel fylkestinget 4 eigarrepresentantar, der ein av dei skal representere hovudutval for opplæring og kompetanse og ein av dei skal representere hovudutval for næring. Vidare skal ein av eigarrepresentantane representere fylkesdirektøren. I tillegg vel fylkestinget tre arbeidslivsrepresentantar etter framlegg frå fylkesdirektøren. Prosjektstyret har fem eigarrepresentantar og to arbeidslivsrepresentantar frå LO og NHO. Fylkestinget nemner ikkje opp tilsett- og studentrepresentant då det følgjer av fagskulelova § 10 (1) at desse skal veljast av og for dei tilsette og studentane.

Eit styre skal syte for internkontroll med verksemda (jf. fagskulelova § 9). Ved å gjennom å nemne opp styre med medlemmer under fylkestinget og i fylkesadministrasjonen syter eigar for at styret forvaltar oppgåva med internkontroll i tråd med fylkestinget sine vedtak samt andre reglar knytt til drift og forvaltning.

**Vedtekter**
I tillegg til eigarstyring gjennom oppnemning av eit styre, finansiering og målstyring, kan fylkestinget styre gjennom å fastsetje vedtekter. Vedtektene kan likevel ikkje avgrense styret sitt mynde når dette følgjer av lov. Til døme vil den daglege drifta av fagskulane og faglege vurderingar av innhaldet i utdanningane ligge til styret. Av den politiske bestillinga til denne saka går det fram at det er ønskjeleg med eit forslag til delegeringsreglement som skal regulere forholdet og fordeling av mynde mellom styret og fylkesdirektøren. Delegeringsreglementa i Vestland fylkeskommune syner i hovudsak delegering frå fylkestinget til dei politiske utvala og fylkesdirektøren (Reglement for folkevalde organ og delegering). Vidare har fylkesdirektøren delegert vidare oppgåver vidare i organisasjonen (jf. delegeringsmatriser i E-handboka). Fylkestinget kan ikkje delegere oppgåver om til styring av fagskulane etter fagskulelova til fylkesdirektøren, og det vil ikkje vere naturleg at eit reglement kjem fram av dei nemnte dokumenta. Fylkesdirektøren vil difor tilrå at fordeling av mynde og oppgåver kjem tydelegare fram i styret sine vedtekter, og at vedtektene vert revidert.

Av vedtektene bør det kome tydeleg fram kva kompetanse som er lagt til fylkesting og kva som er lagt til styret. Vidare bør det kome fram kva oppgåver fylkesdirektøren skal ivareta på vegner av fylkestinget. Døme på dette er å ivareta personalforvaltninga gjennom personalansvar for rektor, samt å leggje til rette for rapportering av mellom anna årsrekneskap, og gjennomføre saksførebuing til fylkestinget i saker som styret vil fremje.

Når det gjeld delegering av mynde mellom styret og rektor, så vil dette vere eit forhald mellom styret og rektor, og vedtektene skal såleis ikkje fordele kompetanse mellom dei. Vedtektene kan peike på kompetanse som følgjer av lov, men kva styret vil delegere av oppgåver til rektor må definerast av styret sjølv.

## Forslag til reviderte vedtekter

Vidare i saka vert det vist til føresegner i mellom anna kommunelova, spesielt knytt til fylkeskommunale føretak, som bør gjenspegle vedtektene for å ivareta krava til både fagskulelova og kommunelova. Det er også sett til Universitets og høgskulelova i høve til regulering av samansettinga av eit styre for ein utdanningsinstitusjon. Til slutt vert det vist ei oversikt over kva som vert føreslått endra i styrevedtektene opp mot dagens vedtekter. Dagens vedtekter, samt forslag til reviderte vedtekter ligg som vedlegg i saka.

**Relasjonen mellom skuleeigar og styret**

Det bør kome fram av vedtektene til styret kva kompetanse fylkestinget har i høve til styra for fagskulane, og dette er ivaretatt i dagens vedtekter. Vidare bør det kome fram at fylkesdirektøren ikkje har instruksjons- eller omgjeringsrett overfor styret eller rektor ved fagskulen så lenge styret eller rektor utøver sitt virke i tråd med sitt mynde. Dette er i tråd med føremålet i fagskulelova, og parallell føresegn er å finne i kommunelova kap. 9 om fylkeskommunale føretak, § 9-16. Samtidig bør det kome fram av vedtektene at i saker der styret eller rektor ikkje har mynde, kan fylkesdirektøren instruere styret og rektor om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før fylkestinget har handsama saka. Dette kan til døme vere vedtak som går utover den økonomiske ramma som styret har fått, eller saker som er av ein uvanleg art som t.d. å inngå ei leigeavtale om bygg.

Av kommunelova § 9-16 kjem det fram at for fylkeskommunale føretak skal fylkesdirektøren ha høve til å uttale seg før styret gjer vedtak som også skal handsamast av fylkestinget, og at uttalen skal leggjast fram for styret før det vert gjort vedtak i saka. Vidare fastset § 9-16 i kommunelova at styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren. Såleis er det fylkesdirektøren si oppgåve å førebu saker frå styret til fylkestinget. Dette bør også kome fram av vedtektene til styret, og vil bidra til å klargjere kva som er rette tenesteveg i høve til saker som styret ønskjer å melde for fylkestinget. Fylkesdirektøren vil for enkeheltens skuld tilrå at saker som styret ønskjer å leggje fram for fylkestinget vert sendt til fylkesdirektøren for handsaming, og at styret får høve til å gje uttale før endeleg vedtak i fylkestinget.

**Samansetninga av styret**
Samansetninga av fagskulestyret er regulert i fagskulelova § 10, men seier ikkje noko om rektor kan vere medlem av styret. Ved universiteta og høgskulane vert rektor tilsett på åremål, eller valt av tilsette (§§ 10-1 og 10-2 i UH-Lova). Dersom rektor er valt er hen leiar for styret, men om rektor er tilsett på åremål er hen ikkje medlem av styret. Kommunelova § 9-5 andre ledd stadfester at dagleg leiar ikkje kan vere medlem i styret.

Rektor for Fagskulen Vestland er tilsett, og det vert ikkje nytta val eller åremålstilsetjing. Prosjektstyret for Fagskulen Vestland har vedteke at det er eit ønskje å vurdere åremålstilsetting for rektor, men dette er per no ikkje handsama vidare (VS 03/21[7]). Som i føresegnene om rektor i UH-lova og om dagleg leiar for fylkeskommunale selskap vil det vere føremålstenleg at rektor for fagskulen ikkje kan vere medlem av styret. Dette vil bidra til å styrke styret sin funksjon som eit styrings- og tilsynsorgan for verksemda ved fagskulen. Fylkesdirektøren vil difor tilrå at det kjem fram av vedtektene at rektor ikkje kan vere medlem av styret.

**Personalforvaltninga ved fagskulen**
Dagens vedtekter seier ikkje noko om personaloppfølginga av rektor eller personalforvaltninga elles ved fagskulane. I dag er personalansvaret for rektorane lagt i linja under fylkesdirektøren og fleire andre fylkeskommunar har ei slik organisering. Jf. fagskulelova § 12 er det styret sjølv som skal tilsetje rektor, og dette kjem fram av vedtektene i dag. Samtidig er lovverket som vist i denne saka uklar i høve til korleis personalforvaltinga vert ivareteke. For å sikre lik personalforvaltning som elles i fylkeskommunen vil fylkesdirektøren tilrå at personalansvaret for rektor vert lagt i linja under fylkesdirektøren, slik som ved andre ytre einingar, men som er del av fylkeskommunen som rettssubjekt. Styret vil ha det faglege oppfølgingsansvaret for rektor, samt oppfølging av skuledrifta jf. fagskulelova.

**Styret sitt mynde og ansvar**
I denne saka viser fylkesdirektøren til at styret øvste styringsorgan for fagskulen, og at styret kan fatte vedtak i alle saker innanfor sitt mynde. Dette bør kome fram av vedtektene, samtidig bør det kome fram at styret er ansvarleg for at fagskulen vert drifta i samsvar med lover og forskrifter, fagskulen sitt føremål og vedtekter, samt fylkeskommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Det bør også presiserast at ressursane i fagskulen skal nyttast effektivt og i samsvar med reglar, føresetnader, god forvaltningsskikk og effektiv bruk av offentlege ressursmidlar.

Vidare bør vedtektene stadfeste dei krav til styret om rapportering av årsrekneskap, og rapportering av rekneskap gjennom året. Slik oppfølging vert ivareteke i dag, og bør vere tydeleg i vedtektene for styret som er øvste ansvarlege organ, og såleis ansvarleg for rapportering. Rekneskapsrapportering vert i dag gjort frå fagskulane til fylkesdirektøren, som rapporterer vidare til fylkestinget i samband med rapporteringa for heile den fylkeskommunale drifta. Denne praksisen er i tråd med at styret skal rapportere til fylkestinget, og at det er fylkesdirektøren som skal førebu

---

[7] https://www.hordaland.no/contentassets/22c43efa2afe44e89597e0ff2fb91697/moteinnkalling-og-sakspapirer-280521.pdf

saker til fylkestinget. Styret kan sjølvsagt delegere den praktiske oppfølginga av rapporteringa til rektor, det må i så fall kome fram av eit delegeringsreglement frå styret til rektor.

Fylkeskommunen er eigar av fleire ulike selskap, og som ein del av eigarstyringa vert det årleg orientert for fylkestinget. Styreleiarane for dei fylkeskommunale fagskulane bør også gje slik orientering til fylkestinget, og dette kan gjerast i samband med fagskulen sin årsmelding som vert lagt fram i mars. Kommunelova § 14-7 set krav til at det skal utarbeidast ei eiga årsmelding til kvart fylkeskommunalt føretak, samt at årsmeldinga skal gis seinast 31. mars.

Til slutt bør det også kome fram kva krav og ansvar styret har for representasjon. Styret skal representere fagskulen, og rektor representerer fagskulen innanfor sitt mynde. Det vil også vere naudsynt at styret inngår avtalar, eller stadfester at rektor har fått slikt mynde av styret. Dette gjeld t.d. ved søknader om tilskotsordningar gjennom Direktorat for høyere utdanning og kompetanse (HK dir.). Samtidig bør det gå fram av vedtektene at styret ikkje kan inngå avtaler som går utover styret sitt mynde eller økonomiske ramme.

**Endringsmatrise**
På bakgrunn av saksframlegget vil fylkesdirektøren tilrå følgjande endringar i vedtektene for styret for Fagskulen Vestland:

| Dagens vedtekter | Forslag til endring/nye føresegner | Kommentar |
|---|---|---|
| **1 Styret sin legitimitet, virkeområde, samansetning og oppnemning** | **1 Styret sin legitimitet, virkeområde, samansetning og oppnemning** | Ingen endring |
| <u>§1-1 Lovgrunnlaget – relasjonen mellom skuleeigar og styret</u><br>1) Fagskular er underlagt lov av 08.06.2018 om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemder.<br><br>2) Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.<br><br>3) Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.<br><br>4) Skuleeigar skal utøve eigarskap på tre måtar<br>a) Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret<br>b) Finansiering<br>c) Styret sine vedtekter | <u>§1-1 Lovgrunnlaget – relasjonen mellom skuleeigar og styret</u><br>1. Fagskular er underlagt lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) med forskrifter samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemder i fylkeskommunen.<br><br>2. Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskulen Vestland. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.<br><br>3. Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.<br><br>4. Skuleeigar (fylkestinget) utøvar eigarskap på følgjande måtar<br>a. Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret<br>b. Finansiering<br>c. Styret sine vedtekter<br>d. Målstyring gjennom kompetansepolitikk og tilskotsforvaltning<br><br>5. Fylkesdirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjeringsrett overfor styret eller rektor ved fagskulen så lenge utøvinga av virket er i tråd med styret sin kompetanse. | |

| | | |
|---|---|---|
| | 6. I saker der styret eller rektor ikkje har kompetanse kan fylkesdirektøren instruere styret og rektor om at eit vedtak ved fagskulen ikkje skal iverksetjast før fylkestinget har handsama saka.<br><br>7. Fylkesdirektøren skal førebu saker som skal handsamast av fylkestinget. Styret ved fagskulen skal ha høve til å gje uttale før fylkestinget skal handsama saka. Styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren. | |
| § 1-2 Samansetning og oppnemning av styret<br>1) Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.<br><br>2) Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Tilsett- og studentrepresentant vert valt av og blant tilsette og studentar. Styremedlemar kan veljast igjen.<br><br>3) Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.<br><br>4) Styret for Fagskolen i Hordaland og styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane skal ha følgjande samansetning:<br>a) Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og | § 1-2 Samansetning og oppnemning av styret<br>1. Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.<br><br>2. Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Jf. fagskulelova § 10 vert tilsett- og studentrepresentant valt av og blant tilsette og studentar. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Styremedlemar kan veljast igjen.<br><br>3. Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.<br><br>4. Styret for Fagskulen Vestland skal ha følgjande samansetning:<br>a. Fire representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og | I denne paragrafen er det føreslått ei endring i samansetninga av styret, lik den samansetninga som er vedteke for prosjektstyret for Fagskulen Vestland. |

| | | |
|---|---|---|
| kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, og med to varamedlemar.<br>b) Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.<br>c) Tre representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.<br>d) Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.<br>e) Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen. | kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, og med to varamedlemar.<br>b. Ein representant frå fylkesdirektøren med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.<br>c. To representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.<br>d. Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.<br>e. Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.<br><br>5. Rektor kan ikkje vere medlem av styret. | |
| <u>§ 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte</u><br>1) Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.<br><br>2) Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stade utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).<br><br>3) Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlem krev det.<br><br>4) Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.<br><br>5) Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde.<br><br>6) Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret. | <u>§ 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte</u><br>1. Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.<br><br>2. Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stade utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).<br><br>3. Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlem krev det.<br><br>4. Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.<br><br>5. Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune.<br><br>6. Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret.<br><br>7. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse er observatør i | I denne paragraf er det føreslått lagt til at avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse kan møte som observatør i møta, med møte og talerett. Dette vart føreslått i rapporten frå DP 1.8 Fagskule, men vart ikkje teke inn i vedtektene den gang. |

| | | |
|---|---|---|
| | styremøta og har møte- og talerett i styret. | |
| **2 Styret sitt ansvar, mynde og oppgåver** | **2 Styret sitt mynde, ansvar og oppgåver** | |
| <u>§ 2-1 Oppgåver og mynde</u><br>1) Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.<br><br>Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.<br><br>Dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland skal i samarbeid med offentlege instanstar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemder vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbodsstruktur og utdanningstilbod.<br><br>2) Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbudd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.<br><br>3) Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.<br><br>4) Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal verte høyrd før ein rektor vert tilsett. Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte.<br><br>5) Styret sjølv skal fatte vedtak om det etter styret sitt skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.<br><br>6) Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd. | <u>§ 2-1 Mynde</u><br>1. Styret har mynde til å treffe vedtak i alle saker som gjeld fagskulen innanfor styret sin kompetanse.<br><br>2. Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal høyrast før rektor vert tilsett.<br><br>Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte jf. fagskulelova § 12.<br><br>Styret har fagleg oppfølgingsansvar for rektor. Fylkesdirektøren gjev administrativ støtte i personalforvaltninga og ivaretek personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.<br><br>Rektor er ansvarleg for den daglege drifta av fagskulen. Rektor er underordna styret og skal følge dei retningslinjene og pålegga som styret gir. Rektor har det løpande personalansvaret for fagskulen, inkludert tilsettingar og tenestelege reaksjonar.<br><br>Dagleg leiing er ikkje omfatta av saker som er av uvanleg art eller av stor tyding for føretaket.<br><br>3. Styret sjølv skal fatte vedtak om at det etter styret sitt skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.<br><br>4. Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd. | I kapittel 2 vert det føreslått å dele opp føresegner om oppgåver og mynde i to paragrafar. |

| | | |
|---|---|---|
| 7) Styret er ansvarleg for at det vert gjeve forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjoner, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming.<br><br>8) Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. | 5. Styret skal gje forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjoner, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming i tråd med fagskulelova og forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning.<br><br>6. Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. | |
| <u>§ 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga</u><br>1) Styret skal:<br>a) Sørgje for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for<br>b) Sørgje for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt<br>c) Sørgje for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søkjer utdanning er korrekte og fullstendige<br>d) Sørgje for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.<br>e) Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.<br>f) Sørgje for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørgje for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.<br><br>2) Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, | <u>§ 2-2 Ansvar og oppgåver</u><br>1. Styret skal sjå til at fagskulen vert drifta i samsvar med lover og forskrifter, fagskulen sitt føremål og vedtekter, samt fylkeskommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Ressursane skal nyttast effektivt og i samsvar med gjeldande regler, føresetnader og god skikk.<br><br>2. Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.<br><br>3. Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.<br><br>4. Fagskulen Vestland skal i samarbeid med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemder vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbodsstruktur og utdanningstilbod.<br><br>5. Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også | |

| | | |
|---|---|---|
| legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø. | økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbydd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.<br><br>6. Rektor skal minst to gongar i året rapportere til styret om utviklinga i inntekter og utgifter i høve til fagskulen sitt årsbudsjett. Om utviklinga tilseier vesentlege avvik frå årsbudsjettet skal rektor føreslå endringar i dette. Styret skal endre årsbudsjett når det er naudsynt for å fylle krava til realisme og balanse innanfor tildelt økonomisk ramme jf. Kommunelova § 14-4.<br><br>7. Styret skal gjennom budsjettåret, som ein del av fylkeskommunen sin rekneskapsrapportering til fylkestinget, rapportere til fylkesdirektøren.<br><br>8. Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.<br><br>9. Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkestinget seinast 31. mars kvart år, og styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.<br><br>10. Styret representerer fagskulen utad og inngår avtalar på vegner av fylkeskommunen innanfor føretaket sitt føremål. Styret kan ikkje inngå avtalar som går utover styret sitt mynde eller dei økonomiske rammene for fagskulen. Styret kan delegere representasjon til einskilde medlem i styret. Rektor representerer fagskulen utad i saker innanfor rektor sitt mynde jf. § 2-1 punkt 3. | |
| | § 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga<br><br>1. Styret skal jf. fagskulelova § 9:<br>a. Sørgje for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for<br>b. Sørgje for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt<br>c. Sørgje for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og | |

| | | |
|---|---|---|
| | dei som søkjer utdanning er korrekte og fullstendige<br>d. Sørgje for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.<br>e. Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.<br>f. Sørgje for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørgje for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.<br><br>2. Styret kan delegere sitt mynde til andre ved fagskulen om det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak.<br><br>3. Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø. | |

## Organisatorisk plassering av fagskulen

Dei to fylkeskommunale fagskulane er i dag organisatorisk lagt til Avdeling for opplæring og kompetanse. Dei fleste andre fylkeskommunane har organisert seg slik. Vestfold og Telemark, og Troms og Finnmark fylkeskommunar har valt ei anna løysing, og den fylkeskommunale fagskulen er her lagt til næringsavdelinga.

Avdeling for innovasjon og næring i Vestland fylkeskommune har samanfallande interesser med både fagskulen og avdeling for opplæring og kompetanse i høve til kompetansepolitikk, regional utvikling og ivaretaking av det regionale og lokale kompetansebehovet. Likevel vil det vere føremålstenleg at Fagskulen Vestland fortsett ligg til opplæring og kompetanse. Avdeling for opplæring og kompetanse har driftsansvar for alle dei vidaregåande skulane, og gjennom dette vert også fagskulane følgt opp gjennom systemstøtte og økonomi. Avdelinga har kompetanse på skuledrift, og sjølv om fagskuledrifta på fleire områder skil seg frå vidaregåande opplæring, vil ein kunne gjere naudsynte tilpassingar.

Vidare har avdeling for opplæring og kompetanse ansvar for kompetansepolitikk saman med innovasjon og næring, i tillegg til at førstnemnte har ansvar for tildeling av tilskot til både offentlege og fylkeskommunale fagskular.

Innovasjon og næring er representert i fagskulen gjennom styret, då både avdelingsdirektør for innovasjon og næring, samt ein folkevald frå hovudutval for næring er medlem av styret. Fagskulane har også tradisjon for å samarbeide med Avdeling for innovasjon og næring, og den organisatoriske plasseringa i opplæring og kompetanse er såleis ikkje eit hinder for dette. Døme på prosjekter er dei internasjonale prosjekta RIGHT og ALBATTS. Fagskulane er også medlem av Kompetanseforum Vestland, som har delt leiing frå avdelingsdirektørane for innovasjon og næring og opplæring og kompetanse.

På bakgrunn av dette vil fylkesdirektøren tilrå at av fagskulane i fylkeskommunen organisatorisk vert lagt som i dag til avdeling for opplæring og kompetanse.

## Vedtakskompetanse

Fylkestinget som skuleeigar oppnemner styret for ein fylkeskommunal fagskule, fastset vedtekter og budsjett.

## Vurderingar og verknader

**Økonomi:**
Ingen kjent effekt.

**Klima:**
Ingen kjent effekt.

**Folkehelse:**
Ingen kjent effekt.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**
Saka støttar opp om Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i høve til fylkeskommunen sitt ansvar for regional kompetansepolitikk.

## Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil fylkesdirektøren tilrå at fylkestinget utøver eigarskapet av Fagskulen Vestland gjennom styringssignal og målstyring i samband med planar for regional kompetansepolitikk og fordeling av fylkeskommunalt tilskot til fagskulesektoren. Vidare vert det tilrådd at styret må leggje fram årsmelding med orientering for fylkestinget innan 31. mars kvart år.

Fylkesdirektøren vil også tilrå at personalansvaret for rektor vert lagt i linja under fylkesdirektøren slik at fylkeskommunen sikrar at personalforvaltninga ved fagskulen er i tråd med personalforvaltninga elles i fylkeskommunen. Styret er øvste styringsorgan for Fagskulen Vestland og har fagleg oppfølgingsansvar for rektor, samt ansvar for drifta av fagskulen i tråd med fagskulelova med forskrifter.

For å tydeleggjere fordelinga av kompetanse mellom fylkestinget og styret, samt fordeling av oppgåver mellom styret og fylkesdirektøren vert det tilrådd at vedtektene for styret vert endra i tråd med saksframlegget.

Til slutt vil fylkesdirektøren tilrå at Fagskulen Vestland fortsett vert organisert under Avdeling for opplæring og kompetanse.

# Styrevedtekter

Styret for Fagskolen i Hordaland

Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane

Vedteke av fylkestinget *17.12.2019*

Erstattar:

Styrevedtekter – Styret for Fagskolen i Hordaland av 02.10.2018

Vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane av 26.09.2018

Lovheimel: Lov om høyere yrkesfaglig utdanning NR. 28 – 08.06.2018

# 1 STYRET SIN LEGITIMITET, VIRKEOMRÅDE, SAMANSETNING OG OPPNEMNING

## §1-1 Lovgrunnlaget – relasjonen mellom skuleeigar og styret

1) Fagskular er underlagt lov av 08.06.2018 om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemder.

2) Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.

3) Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.

4) Skuleeigar skal utøve eigarskap på tre måtar
   a) Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret
   b) Finansiering
   c) Styret sine vedtekter

## § 1-2 Samansetning og oppnemning av styret

1) Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.

2) Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Tilsett- og studentrepresentant vert valt av og blant tilsette og studentar. Styremedlemar kan veljast igjen.

3) Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.

4) Styret for Fagskolen i Hordaland og styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane skal ha følgjande samansetning:
   a) Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, og med to varamedlemar.
   b) Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
   c) Tre representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
   d) Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.
   e) Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.

### § 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte

1) Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.

2) Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stade utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).

3) Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlem krev det.

4) Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.

5) Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde.

6) Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret.

## 2 STYRET SITT ANSVAR, MYNDE OG OPPGÅVER

### § 2-1 Oppgåver og mynde

1) Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.

   Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.

   Dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland skal i samarbeid med offentlege instanstar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemder vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbodsstruktur og utdanningstilbod.

2) Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbudd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.

3) Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.

4) Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal verte høyrd før ein rektor vert tilsett. Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte.

5) Styret sjølv skal fatte vedtak om det etter styret sitt skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.

6) Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd.

7) Styret er ansvarleg for at det vert gjeve forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjoner, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming.

8) Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

## § 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga

1) Styret skal:
   a) Sørgje for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for
   b) Sørgje for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt
   c) Sørgje for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søkjer utdanning er korrekte og fullstendige
   d) Sørgje for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.
   e) Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.
   f) Sørgje for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørgje for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.

2) Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.

# Styrevedtekter

Styret for Fagskulen Vestland

**Vedteke av fylkestinget [DATO]**

Erstattar:
Styrevedtekter av 17.12.2019
Styret for Fagskolen i Hordaland, Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane

Lovheimel: Lov  8. Juni 2018 nr. 28 om høyere yrkesfaglig utdanning

## 1. STYRET SIN LEGITIMITET, VIRKEOMRÅDE, SAMANSETNING OG OPPNEMNING

### §1-1 Lovgrunnlaget – relasjonen mellom skuleeigar og styret

1. Fagskular er underlagt lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) med forskrifter samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemder i fylkeskommunen.

2. Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskulen Vestland. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.

3. Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.

4. Skuleeigar (fylkestinget) utøvar eigarskap på følgjande måtar
   a. Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret
   b. Finansiering
   c. Styret sine vedtekter
   d. Målstyring gjennom kompetansepolitikk og tilskotsforvaltning

5. Fylkesdirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjeringsrett overfor styret eller rektor ved fagskulen så lenge utøvinga av virket er i tråd med styret sin kompetanse.

6. I saker der styret eller rektor ikkje har kompetanse kan fylkesdirektøren instruere styret og rektor om at eit vedtak ved fagskulen ikkje skal iverksetjast før fylkestinget har handsama saka.

7. Fylkesdirektøren skal førebu saker som skal handsamast av fylkestinget. Styret ved fagskulen skal ha høve til å gje uttlae før fylkestinget skal handsama saka. Styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren.

### § 1-2 Samansetning og oppnemning av styret

1. Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.

2. Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Jf. fagskulelova § 10 vert tilsett- og studentrepresentant valt av og blant tilsette og studentar. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Styremedlemar kan veljast igjen.

3. Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.

4. Styret for Fagskulen Vestland skal ha følgjande samansetning:
   a. Fire representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein representant frå

hovudutval for næring, og med to varamedlemar.
b. Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.
c. To representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.
d. Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.
e. Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.

5. Rektor kan ikkje vere medlem av styret.

### § 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte

1. Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.

2. Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stade utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).

3. Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlem krev det.

4. Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.

5. Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune.

6. Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret.

7. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse er observatør i styremøta og har møte- og talerett i styret.

## 2. STYRET SITT MYNDE, ANSVAR OG OPPGÅVER

### § 2-1 Mynde

1. Styret har mynde til å treffe vedtak i alle saker som gjeld fagskulen innanfor styret sin kompetanse.

2. Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal høyrast før rektor vert tilsett.

   Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte jf. fagskulelova § 12.

   Styret har fagleg oppfølgingsansvar for rektor. Fylkesdirektøren gjev administrativ støtte

i personalforvaltninga og ivaretek personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.

Rektor er ansvarleg for den daglege drifta av fagskulen. Rektor er underordna styret og skal følge dei retningslinjene og pålegga som styret gir. Rektor har det løpande personalansvaret for fagskulen, inkludert tilsettingar og tenestelege reaksjonar.

Dagleg leiing er ikkje omfatta av saker som er av uvanleg art eller av stor tyding for føretaket.

3. Styret sjølv skal fatte vedtak om at det etter styret sitt skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.

4. Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd.

5. Styret skal gje forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjoner, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming i tråd med fagskulelova og forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning.

6. Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

### § 2-2 Ansvar og oppgåver

1. Styret skal sjå til at fagskulen vert drifta i samsvar med lover og forskrifter, fagskulen sitt føremål og vedtekter, samt fylkeskommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Ressursane skal nyttast effektivt og i samsvar med gjeldande regler, føresetnader og god skikk.

2. Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.

3. Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.

4. Fagskulen Vestland skal i samarbeid med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemder vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbodsstruktur og utdanningstilbod.

5. Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbydd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.

6. Rektor skal minst to gongar i året rapportere til styret om utviklinga i inntekter og utgifter i høve til fagskulen sitt årsbudsjett. Om utviklinga tilseier vesentlege avvik frå årsbudsjettet skal rektor føreslå endringar i dette. Styret skal endre årsbudsjett når det er naudsynt for å fylle krava til realisme og balanse innanfor tildelt økonomisk ramme jf. Kommunelova § 14-4.

7. Styret skal gjennom budsjettåret, som ein del av fylkeskommunen sin rekneskapsrapportering til fylkestinget, rapportere til fylkesdirektøren.

8. Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.

9. Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkestinget seinast 31. mars kvart år, og styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.

10. Styret representerer fagskulen utad og inngår avtalar på vegner av fylkeskommunen innanfor føretaket sitt føremål. Styret kan ikkje inngå avtalar som går utover styret sitt mynde eller dei økonomiske rammene for fagskulen. Styret kan delegere representasjon til einskilde medlem i styret. Rektor representerer fagskulen utad i saker innanfor rektor sitt mynde jf. § 2-1 punkt 3.

### § 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga

1. Styret skal jf. fagskulelova § 9:
   a. Sørgje for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for
   b. Sørgje for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt
   c. Sørgje for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søkjer utdanning er korrekte og fullstendige
   d. Sørgje for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.
   e. Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.
   f. Sørgje for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørgje for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.

2. Styret kan delegere sitt mynde til andre ved fagskulen om det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak.

3. Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Saksframlegg

**Saksnr:** 2021/49753-1
**Saksbehandlar:** Bekka Skaasheim

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda | 4/21 | 05.10.2021 |
| Yrkesopplæringsnemnda | 24/21 | 21.10.2021 |

# Møteplan for 2022

Med bakgrunn i Fylkestinget si handsaming av møteplan for folkevalde organ 2022, vil avdelingsdirektøren vil legge fram utkast til møteplan i møte.

**Saksutgreiing**

Bakgrunn for saka

## Samla møteplan for folkevalde organ i 2022

Fylkeskommunedirektøren viser til PS 64/21 i fylkestinget 16.06.2021, «Møteplan for folkevalde organ i 2022». Fylkestinget gjorde følgjande vedtak;

1. *«Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.*
2. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.»*

Følgjande møteplan vart presentert i tilleggsnotat 2 til PS 64/21 og er lagt til grunn for pkt. 1 vedtaket:

| møte<br>folkevald organ | | | | | | | | | | | D er digitalt<br>*ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
| Fylkestinget | | | 16/17 | | | 21/22 | | | 28/29 | | | 14/15 |
| Fylkesutvalet | 18 (D) | 08 (D) | 08/09 | 05/06 | 03 (D) | 01/02<br>21 | | | 06 (D)<br>20 (D) | 18/19 | 08/09<br>29 (D) | |
| Finansutvalet | | | 08 | | | 01 | | | 20 (D) | 18 | 08 | |
| HU SAMO | 12 (D) | 16 | 22 (D) | 26 | 24 (D) | | | 31 (D) | 14 | 05 (D)<br>26 | 16 | |
| HU KULII | 13 (D) | 16 | 23 (D) | 28 | 24 (D) | 23 (D) | | 30 (D) | 14 | 05 (D)<br>26 | 17 | |
| HU OPPKO | 12 (D) | 16 | 10 (D) | 07 | 24 (D) | | | 26 (D) | 14 | 06 (D)<br>26 | 23 | |
| HU NÆRIN | 13 (D) | 16 | 24 (D) | 26 | 24 (D) | 23 (D) | | 31 (D) | 14 | 06 (D)<br>26 | 17 | |
| Adm.utvalet | 25 (D) | | | 20 | | | | | 07 (D) | | 24 | |
| Politikardag* | | 15 | | | | | | | 13 | 25 | | |

Folkevalde organ og medverknadsorgan som ikkje vart omfatta av fylkestinget sitt vedtak om møteplan for 2022, har seinare gjort vedtak om eigne møteplanar for 2022.

Som oppfølging av pkt. 2 i fylkestinget sitt vedtak, 16.06.21, legg fylkeskommunedirektøren med dette fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ og medverknadsorgan i Vestland fylkeskommune;

| | | | | | | | | | | | | D er digitalt møte<br>*ikkje folkevald organ |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
| Fylkestinget | | | 16/17 | | | 21/22 | | | 28/29 | | | 14/15 |
| Fylkesutvalet | 18 (D) | 08 (D) | 08/09 | 05/06 | 03 (D) | 01/02<br>21 | | | 06 (D)<br>20 (D) | 18/19 | 08/09<br>29 (D) | |
| Finansutvalet | | | 08 | | | 01 | | | 20 (D) | 18 | 08 | |
| HU SAMO | 12 (D) | 16 | 22 (D) | 26 | 24 (D) | | | 31 (D) | 14 | 05 (D)<br>26 | 16 | |
| HU KULII | 13 (D) | 16 | 23 (D) | 28 | 24 (D) | 23 (D) | | 30 (D) | 14 | 05 (D) | 17 | |

| | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | | | 26 | | |
| HU OPPKO | 12 (D) | 16 | 10 (D) | 07 | 24 (D) | | | 26 (D) | 14 | 06 (D) 26 | 23 | |
| HU NÆRIN | 13 (D) | 16 | 24 (D) | 26 | 24 (D) | 23 (D) | | 31 (D) | 14 | 06 (D) 26 | 17 | |
| Adm.utvalet | 25 (D) | | | 20 | | | | | 07 (D) | | 24 | |
| Valnemnda | | | 15 | | | 20 | | | 27 | | | 13 |
| Politikardag* | | 15 | | | | | | | 13 | 25 | | |
| Kontrollutvalet | | 14 | 21 (D) | | 09 | 13/14 | | | 12 | 24 (D) | 28 | |
| Fylkeseldrerådet | 18 (D) | | 01 | 26 (D) | | 08 | | | 08 | 04 | 22 | |
| Rådet for menneske med nedsett-funksjonevne | | 11 | 18 (D) | 22 | 20 (D) | | | 26 | 09 (D) | 14 | 11 (D) | |
| Fylkesting for ungdom | | | 25/27 | | | | | | | | | |
| Vestland ungdomsutval | | 03 | 08 | | 06 | 10 | | | 02 | 20 (D) | 25 | |
| Klagenemnda | | 09 | 30 | | 04 | 15 | | 24 | | 19 | | 07 |
| Trafikktryggings-utvalet | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesopplærings-nemnda | | | 10 | | | | | | | | | |
| Arbeidsutval delegeringsnemnda | | | | | | | | | | | | |
| Arbeidsutval yrkes-opplæringsnemnda | | | | | | | | | | | | |
| Vestlandsrådet | | 24 | | 18 | | 16 | | | 08 | | 24 | |

- Yrkesopplæringsnemnda vil på møte 21.oktober 2021 fastsette møteplan 2022 for nemnda og nemnda sitt arbeidsutval.
- Trafikktryggingsutvalet vil på møte, 4.oktober 2021, fastsette møteplan 2022 for utvalet.
- Arbeidsutval delegeringsnemnda vil fortløpande fastsette møter i 2022 etter behov.

**Saksprotokoll i arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda - 05.10.2021**

**Arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda** sette fram slikt forslag:

«Møteplan for 2022 for nemnda og arbeidsutvalet.

Utkastet tek utgangspunkt i:

- Politisk møteplan hovudutval for opplæring og kompetanse
- Fellesmøte med hovudutvalet
- Arbeidsutvalet sine møte legg til rette for at arbeidsutvalet kan vurdere kva saker som skal/ bør til y-nemnda

Yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 10.02.2022
- Torsdag 10.03.2022
- Torsdag 31.03.2022
- Torsdag 19.05.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 08.09.2022

- Onsdag 05.10.2022
- Torsdag 17.11.2022

Arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 27.01.2022
- Torsdag 17.02.2022
- Fredag 18.03.2022
- Tysdag 03.05.2022
- Fredag 05.08.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 15.09.2022
- Onsdag 05.10.2022
- Onsdag 26.10.2022
- Onsdag 03.11.2022»

**Avrøysting**

Forslaget vart samrøystes vedteke.

**Tilråding frå arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda**

Møteplan for 2022 for nemnda og arbeidsutvalet.

Yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 10.02.2022
- Torsdag 10.03.2022
- Torsdag 31.03.2022
- Torsdag 19.05.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 08.09.2022
- Onsdag 05.10.2022
- Torsdag 17.11.2022

Arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda:

- Torsdag 27.01.2022
- Torsdag 17.02.2022
- Fredag 18.03.2022
- Tysdag 03.05.2022
- Fredag 05.08.2022
- Onsdag 24.08.2022
- Torsdag 15.09.2022
- Onsdag 05.10.2022
- Onsdag 26.10.2022
- Onsdag 03.11.2022